



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 10.09.2018  
**Tidspunkt:** 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982,

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

### Tidsplan.

Kl. 14.00 – 16.00 KPMG held kurs for kontrollutvalet om forvaltningsrevisjon.

Kl. 16.00 – 16.05 Formell opning av sjølve møtet

Kl. 16.05 – 16.30 Sak om personopplysningslova. Administrasjonen orienterar.

Kl. 16.30 Øvrige saker.

Fredrik Litleskare  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 34/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 35/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 36/18	Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for Stord kommune		2018/19
PS 37/18	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet ved KPMG.		2017/108
PS 38/18	Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune		2016/90
PS 39/18	Revisjonsplan 2018 for Stord kommune		2015/178
PS 40/18	Henvending frå Valgjerd Teigen		2018/56
PS 41/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 42/18	Bestilling		2015/181
PS 43/18	Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
PS 44/18	Referatsaker		
RS 12/18	Årsmelding 2017 for Kontrollutvalet i Stord kommune		2016/85
RS 13/18	Forvaltningsrevisjonsrapport - Prosjektstyring og oppfølging av investeringar		2017/17
RS 14/18	Tilsyn med tenester innan NAV i Stord kommune - svar til Fylkesmannen		2014/298
RS 15/18	Kommunestyret 24.05.18. Revidert eigarskapsmelding 2018 - 2019, saksframlegg og saksprotokoll		2015/180
RS 16/18	Kommunestyret 21.06.18. Årsrekneskap 2017 Stord hamnestell, saksprotokoll		2015/178
RS 17/18	Kommunestyret 21.06.18. Årsmelding og årsrekneskap 2017 Stord kommune, saksprotokoll		2015/178
RS 18/18	Kommunestyret 21.06.18. Budsjettrevisjon 1. tertial 2018, saksprotokoll		2015/179
RS 19/18	Rekneskapsstatus - kontrollutvalet pr. 30.08.18		2015/179
PS 45/18	Eventuelt		

**PS 34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 35/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 064  
Arkivnr: 2018/19-10  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	36/18	10.09.2018

## Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for Stord kommune

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet fekk orientering frå fleire tilsette i kommuneadministrasjonen i utvalsmøte 18.04.18., sak PS 16/18. Her vart følgjande protokollert:

*«Stord kommune har hatt ei arbeidsgruppe i funksjon om lag 1 ½ år gjeldande informasjonstryggleik / personvern, og medlemmane deltok på kontrollutvalsmøtet. Personal- og organisasjonssjef Annlaug Tenold, som også er tryggleiksansvarleg, hadde ein presentasjon som utvalsmedlemene får tilsendt etter møtet. Kontroller Iren Dyrseth presenterte internkontrollsystemet som kommunen nyttar, der det td. ligg inne 60-70 prosedyrar berre gjeldande informasjonstryggleik / IKT. I det elektroniske systemet ligg inne årshjul, neste 10 aktivitetar, avvikssystem, årleg ROS-analyse på fleire nivå mv. Einingsleiar for IKT (IKT-sjef) og personvernombod Haldis Lauksund bidrog også.*

*Kontrollutvalet gav uttrykk for at dei synest dette var ein god presentasjon og at dei synest kommunen var komen langt i arbeidet. Ettersom ny personvernlov er planlagt å gjelda frå 25. mai 2018, er det og ønskjeleg å få ei oppdatering på første møte i hausthalvåret.*

*Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.*

### **Vedtak 18.04.18:**

- 1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftlig og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått, i møte i utvalet 10.09.2018.*
- 2. Det vert bede om skriftleg orientering, sendt til sekretariatet, innan 21.08.2018.*
- 3. Informasjonen blir elles teken til orientering.»*

### Drøfting.

Den nye personopplysningslova var planlagt iverksett frå 25.05.18, men tok først til å gjelda frå 20.07.18. Det er interessant å få ny oppdatering om arbeidet i Stord kommune, no etter iverksetting. Representantar frå administrasjonen vil gjera nærare greie for status og dei ulike aktivitetane i dette utvalsmøtet. Viser til vedlagt skriftlege orientering, som syner at administrasjonen har arbeidd godt med saksfeltet sidan førre orientering til utvalet.

### Konklusjon.

Kontrollutvalet vil lytta til motteken informasjon, og evt. stilla spørsmål om det er noko ein lurar på.

I vedlagt skriftlege informasjon står bl.a. at « ... *dette er eit område som krev kontinuerleg arbeid med styring, kontroll og prosedyrar*». Det vert tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med informasjonen så langt, og ønskjer administrasjonen lukke til med det vidare arbeidet.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet takkar for informasjonen, og ønskjer lukke til med det kontinuerlege arbeidet vidare relatert til styring, kontroll og prosedyrar.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Ny personopplysningslov, orientering om konsekvensar for Stord kommune

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 04.07.2018  
Vår ref: 2017/1173 - 16408/2018 / 024  
Dykkar ref:

Kontrollutvalet fekk i møte 18. april i år ei orientering om kommunen sitt arbeid med tilpassing til ny personopplysningslov. Utvalet bad i same møte om ei ny orientering 10. september 2018, og om ei skriftleg orientering om arbeidet.

Den nye personopplysningslova trådte i kraft 20. juli 2018 og med denne kom endringar i tryggleikskrav. Dette har medført ein omfattande revisjon av kommunen sine system og rutinar for informasjonshandsaming. Desse aktivitetane er gjennomførte sidan kontrollutvalet drøfta saka i april:

- Personvernombod vart etablert i mai. Ombodet deltek i arbeidet med å utvikla informasjonstryggleiksprosedurar og skal arbeida særskilt med å styrka kompetansen om personvern i kommunen.
- Informasjon er publisert på kommunen sine heimesider til innbyggjarar og tilsette. Plikta til å handsame personopplysningar på ein open måte, inneber at verksemda må gi ein lett tilgjengeleg, kort og forståeleg informasjon/personvernerklæring om korleis dei handsamar personopplysningane til innbyggjarane.

Det er lagt ut personvernerklæring for tilsette på kommunen si heimeside som gir informasjon til tilsette om kva personopplysningar kommunen handsamar, korleis Stord kommune handsamar personopplysningane deira og kva rettar dei har. Det kan vera alt frå kontaktinformasjonen om den tilsette og næraste familie, informasjon som er nødvendig for å betale ut løn, dokument knytt til sjukefråvær, medarbeidaroppfølging m.m.

Informasjon om personvernombodet er også publisert lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

- Arbeidet med databehandlaravtalar er prioritert. Når Stord kommune set ut heile eller delar av behandlinga av personopplysningar til andre verksemder, er den eller dei som behandlar opplysningane på den behandlingsansvarlege sine vegne definert som databehandlarar.

Ein databehandlar kan ikkje behandla personopplysningar på ein annan måte enn det som er skriftleg avtalt med den behandlingsansvarlege som er Stord kommune. I slike tilfelle er det difor eit krav om å inngå en databehandlaravtale etter norsk lov, jf. personopplysningsforskrifta . Dersom ein databehandlar nyttar underleverandør må det også liggja føre ein databehandlaravtale mellom databehandlararen og underleverandøren.

Stord kommune har utarbeidd ein standard databehandlaravtale som vert sendt til leverandørar som handsamar personopplysningar på vegne av Stord kommune. Ein vonar å få inngått avtalar med alle leverandørar i løpet av hausten.

- Rådmannen skal ha ein årleg gjennomgang av informasjonstryggleiken i kommunen. I år vil denne bli gjennomført 20. september. Rådmannen har ansvar for informasjonstryggleiken og skal saman med leiargruppa evaluere kommunen sine aktiviteter. Ein skal m.a. gå gjennom avvik, resultat av eigenkontroll og kontrollar utført av andre mynde, endringar i tryggleikskrav og endringar i trusselbilette.
- Det er tilrettelagt for å handsama avvik etter personopplysningslova i kommunen sitt kvalitetssystem. Meldte avvik så langt er lukka og har i hovudsak omfatta uønska innsyn og personopplysningar.

Me meiner at arbeidet med personvern og informasjonstryggleik i Stord kommune etter nytt lovverk alt i alt er godt i rute, men dette er eit område som krev kontinuerleg arbeid med styring, kontroll og prosedyrar.

Personvernombudet skal ha tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å utføre sine plikter. Ordninga med personvernombod vart lagt til stilling som nettedaktør/politisk møtesekretær i Fellestenester. Det kan sjå ut som om det er sett av for lite resursar til personvernombudet sine oppgåver og me vil vurdere dette vidare i budsjettprosessen for 2019.


Me vil gjera nærare greie for status og dei ulike aktivitetane i møte 10. september. Me gjer for ordens skuld merksam på at møtet i kontrollutvalet er lagt til same dag som formannskapet sin budsjettkonferanse. Det kan gjere det vanskeleg for rådmannen sjølv å møte i kontrollutvalet.

Med helsing

Magnus Mjør  
Rådmann

Annlaug Tenold  
personal- og organisasjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/108-15  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	37/18	10.09.2018

**Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet ved KPMG.**Bakgrunn for saka:**Kontrollutvalet gjorde slik vedtak i sak PS 08/18 i møte 01.03.2018:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» frå KPMG, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det er ønskeleg at KPMG prioriterer dei tiltak som ligg i rapporten.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 20.08.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

**Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

*Formålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ein hensiktsmessig og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krava i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. *I kva grad blir grunnleggjande krav i regelverket etterlevd ved anskaffingar?*
2. *I kva grad er det samsvar mellom intern kompetanse og etablerte rutinar knytt til anskaffingar i kommunen?*
3. *Korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp? Herunder:*
  - a. *Førebuing av kontraktsgjennomføring*
    - *Avklare roller og rutinar for oppfølging av den enkelte kontrakt*
    - *Gjere kontraktsvilkår, roller og rutinar for oppfølging kjent og forstått*
  - b. *Bruk av kontrakten*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



- *Følgje opp bestilling og leveranse*
- *Godkjenning og betaling*
- c. *Forvaltning av kontrakt overfor leverandør*
  - *Følgje opp leverandør*
  - *Endringsstyring*
  - *Avslutte kontrakt og sluttevaluering*

Drøfting:

KPMG har meddelt at slutfasen av prosjektarbeidet, med verifisering og høyring, har teke lenger tid enn berekna. Dette har den følgje at det ikkje var råd å få forvaltningsrevisjonsrapport opp til handsaming i dette møtet. KPMG kan gje nærare orientering i møtet.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar , vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, fortrinnsvis og med fastsetting av ny dato for ferdigstilling.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Revisjonsrapport vert å levera sekretariatet innan .....
3. Rapporten vert å handsama i kontrollutvalet sitt neste møte.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2016/90-9  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	38/18	10.09.2018

## Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune

### Bakgrunn for saka

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf.

Jf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor for Stord kommune hjå KPMG AS, Willy Hauge, har sendt over ei slik eigenvurdering. Eigenvurderinga ligg ved saka.

### Drøfting:

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

#### **§ 4. Tilsyn og kontroll**

*Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

*Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.*

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet si handsaming av ansvarlege revisorar si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. kommunelova § 79, samt forskrift om revisjon, §§ 13-14, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar KPMG AS sin oppdragsansvarlege revisor, Willy Hauge, sin uavhengighet i høve Stord kommune.

Som ein anna lekk i vurderinga av om revisor er uavhengig i høve Stord kommune, er å få fram opplysningar om revisjonen har hatt andre oppdrag for Stord kommune enn det som er tinga av kontrollutvalet. Revisor har lagt inn opplysningar om det som tilleggsinformasjon i pkt. 5 av vedlagt uavhengighetserklæring. Sekretariatet finn ikkje at storleik på kostnad eller område for bistand er med på å svekka revisor sin uavhengighet.

Konklusjon:

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa og det som kjem fram i møtet, vert det tilrådd å ta den til etterretning.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Willy Hauge, vedr. om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Egenvurdering uavhengighet 2018\_signert



KPMG AS  
Sæ 136  
N-5417 Stord

Telephone +47 04063  
Internet www.kpmg.no  
Enterprise 935 174 627 MVA

## Stord kommune

### Egenvurdering av uavhengighet, jf forskrift om revisjon § 15

#### Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

#### Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

##### Pkt. 1: Ansettelsesforhold

*Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.*

##### Pkt. 2: Medlem i styrende organer

*Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.*

**Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit**

KPMG AS is a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Skattepliktige revisorer - medlemmer av Den norske Revisjonsforening

Offices in

<small>Oslo</small>	<small>Friedrich</small>	<small>Moscow</small>	<small>Strasbourg</small>
<small>Ålesund</small>	<small>Frankfurt</small>	<small>Munich</small>	<small>Stuttgart</small>
<small>Arendal</small>	<small>Hamburg</small>	<small>Nairobi</small>	<small>Sydney</small>
<small>Bergen</small>	<small>Hannover</small>	<small>Paris</small>	<small>Tokyo</small>
<small>Bodo</small>	<small>Kiel</small>	<small>Rome</small>	<small>Washington</small>
<small>Oslo</small>	<small>Kyiv</small>	<small>Sao Paulo</small>	<small>Zurich</small>
<small>Oranien</small>	<small>Kyiv</small>	<small>Santiago</small>	

*Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.*

**Pkt. 4: Nærstående**

*Undertegnede har ingen nærstående som har slik tilknytning til Stord kommune at det kan svekke uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene.*

**Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet**

*Undertegnede yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Stord kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet.*

*For ordens skyld gjøres oppmerksom på følgende bistand som er fakturert Stord kommune foregående revisjonsår:*

- *Mulig aksjesalg. Inkl. reise til Oslo. Totalt kr 28 828 eks. mva*
- *Avgiftsmessig bistand vedrørende justeringavtaler Eldøyane Næringspark og SagaFjord Sea Farm. Kr 16 900 eks. mva*
- *Avgiftsmessig bistand vedrørende korrigering av feil mva. behandling Stord hamn. Kr 26 950 eks. mva*
- *Avgiftsmessig bistand vedrørende salg av varer og tjenester internt og til IKS. Kr 6 450 eks. mva*
- *Bistand knyttet til Biogassanlegg. Kr 2 550 eks. mva*

**Pkt. 6: Tjenester under Stord kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver**

*Undertegnede yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.*

**Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige**

*Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Stord kommune.*

**Pkt. 8: Andre særegne forhold**

*Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til vår uavhengighet og objektivitet.*

Stord, 3. september 2018  
KPMG AS



Willy Hauge  
Statsautorisert revisor



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/178-78  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	39/18	10.09.2018

## Revisjonsplan 2018 for Stord kommune

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

### Drøfting:

Vanlegvis vert revisjonsplanen lagt fram for kontrollutvalet i første haustmøte og interimrevisjonsrapport i siste haustmøte. Det vart forskyvd i 2017, ettersom KPMG var ny som revisor frå 01.07.17.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og evt. informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2018 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, evt. seinare revisjonar, dersom dei ønskjer det,

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen. Revisor har og invitert til det ved oversending av planen.

For ordens skuld vert nemnt at revisjonsplanen skulle vore på nynorsk som er kommunen sitt målføre, jmf. kontrakt mellom kommunen og revisor i vedlegg om kravspesifikasjonar.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå KPMG til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 SK\_Revisjonsplan 2018



# Revisjonsplan 2018

## Stord kommune

September 2018





# Innhold

## Kontaktpersoner:

### Willy Hauge

*Partner*

Tel: +47 4063 9849

[willy.hauge@kpmg.no](mailto:willy.hauge@kpmg.no)

### Eirik Braut

*Director - regnskapsrevisjon*

Tel: + 47 9523 8759

[eirik.braut@kpmg.no](mailto:eirik.braut@kpmg.no)

### Mailin Holm

*Manager- regnskapsrevisjon*

Tel: + 47 4063 8214

[mailin.holm@kpmg.no](mailto:mailin.holm@kpmg.no)

### Ole Willy Fundingsrud

*Director - forvaltningsrevisjon*

Tel: + 47 4063 9692

[ole.willy.fundingsrud@kpmg.no](mailto:ole.willy.fundingsrud@kpmg.no)


- Gjennomgang med administrasjon
- Revisjonsmessig tilnærming
- Vesentlighet
- Risikovurderinger – finansregnskapet
- Revisjonsåret
- Tidsplan og rapportering

# Gjennomgang med administrasjon – status og utvikling i år

For å gjøre en god og effektiv revisjon må vi forstå virksomheten.

Vi gjennomgår økonomirapporter fra rådmannen og tertialrapport når den er klar.

Vi gjennomgår også utviklingen muntlig med regnskap/økonomi hvor det er utfordringer.



**Virksomhetsforståelse**

# Ledelsens gjennomgang - endringer inneværende år

**Viktig informasjon for å kunne skreddersy revisjonen.**

**Tendensen er at IT blir stadig viktigere i prosesser og rutiner.**


**Vi vil ha stadig større fokus på dette.**

Rammer og regulering, enheter og organisering	Prosesser og rutiner
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Endringer i rammebetingelser</li><li>▪ Endringer i reguleringer</li><li>▪ Endring i organisering</li><li>▪ Nye enheter, utgåtte enheter</li><li>▪ Sammenligning andre</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Endring i kjerneprosesser</li><li>▪ Endringer i støtteprosesser</li><li>▪ Interne kontroller – behov for forbedringer</li><li>▪ Endringer i IT-systemer</li><li>▪ Overholdelse av kravene i kommuneloven og bokføringsloven</li></ul>
Innsatsfaktorer og leverandører	Særskilte hendelser
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Vesentlige endringer knyttet til innsatsfaktorer</li><li>▪ Nye/utgåtte vesentlige leverandører</li><li>▪ Større anskaffelser</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Avdekkede misligheter</li><li>▪ Brudd på lover eller forskrifter</li><li>▪ Ettersyn</li><li>▪ Krav eller tvister</li><li>▪ Vesentlige feil i regnskapet</li><li>▪ Andre vesentlige forhold</li></ul>
Ledelsens risikovurderinger	Annet
<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Ledelsens vurdering av risiko når det gjelder finansiell rapportering</li><li>▪ Områder spesielt utsatt for mislighetsrisiko</li><li>▪ Nye investeringer</li><li>▪ Nye vurderingsposter/estimer</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kommunale foretak</li><li>▪ Endringer i ledelsen</li><li>▪ Finansområdet</li><li>▪ Erfaringer fra tidligere</li></ul>

# Risikovurdering - finansregnskapet

Kommunen har flere ulike operasjonelle risikoer. I revisjonen har vi fokus på de forhold som potensielt kan påvirke poster i årsregnskapet.

Misligheter dukker stadig opp i media; det viktigste er et godt kontrollmiljø.



# Revisjon og gjennomgang av kjerneprosesser

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p><b>Inntekter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Inntekter</li> <li>▪ Kundefordringer</li> </ul>	<p><b>Inntekter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen</li> <li>▪ Innhente budsjett og fjorårstall og vurderinger av vesentlige endringer</li> <li>▪ Innhente oppgaver eller opplysninger knyttet til overføringer, skatter mv</li> <li>▪ Brukerbetalinger – etterberegninger mv</li> </ul> <p><b>Kundefordringer</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gjennomgang av kommunens rutine for oppfølging av kundefordringer og vurdering av tapsutsatte fordringer</li> </ul>
<p><b>Innkjøp</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kjøp av varer og tjenester</li> <li>▪ Leverandørgjeld</li> <li>▪ Bank</li> </ul>	<p><b>Kjøp av varer og tjenester</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen</li> <li>▪ Innhente budsjett, fjorårstall, og vurderinger av vesentlige endringer</li> <li>▪ Kontroll av grunnlag for og attestasjon av momskompensasjon for hver termin</li> </ul> <p><b>Leverandørgjeld</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gjennomgang av kommunens rutine for oppfølging av leverandørgjeld, og vurdere behov for å innhente eksterne bekreftelser på et utvalg av leverandører.</li> </ul> <p><b>Bank</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Innhente engasjementsbrev fra bank for kontroll av saldo, fullmaktsforhold, samt garantier og sikkerhetsstillelser og gjennomgang av bankavstemminger</li> <li>▪ Gjennomgang av bankavstemminger</li> </ul>
<p><b>Lønn</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Lønnskostnader</li> <li>▪ Sykelønnsrefusjoner</li> <li>▪ Annen godtgjørelse</li> <li>▪ Reiseregninger</li> </ul>	<p><b>Lønnskostnader</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gjennomgang av transaksjonsflyt og vurdere internkontrollen</li> <li>▪ Innhente budsjett, fjorårstall, og vurderinger av vesentlige endringer</li> <li>▪ Gjennomgang av kommunens avstemminger knyttet til lønnsutbetalinger, sykelønnsrefusjoner og annen godtgjørelse</li> </ul>

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

1. Gjennomgang av kjerneprosesser

2. Revisjon av vurderingsposter

3. Revisjon av øvrige vesentlige områder

# Revisjon av vurderingsposter

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

1. Gjennomgang av kjerneprosesser
2. Revisjon av vurderingsposter
3. Revisjon av øvrige vesentlige områder

Tema	Virkning på revisjonsplan
<b>Pensjoner</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Pensjonsmidler</li> <li>▪ Pensjonsforpliktelse</li> <li>▪ Pensjonskostnad</li> <li>▪ Premieavvik</li> </ul>	<b>Pensjoner</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Risiko for feil i regnskapet knytter seg til verdsettelsen av pensjonsfordringer og -forpliktelser knyttet til ytelsesordningen . Vi vil gjennomgå de parametere og forutsetninger som benyttes i beregningen, samt avstemme innbetaling lagt til grunn av aktuar mot fysiske fakturaer mottatt og betalt. Vi vil også følge opp avvik i avstemming av premieavvik.</li> </ul>
<b>Investering i aksjer og andeler</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Finansielle aktiva</li> <li>▪ Finansinntekter</li> </ul>	<b>Investering i aksjer og/eller andeler</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ For investeringer i ikke-børsnoterte aksjer og andeler av betydning vil vi innhente sist avlagte og reviderte årsregnskap og/eller siste resultatrapport tilgjengelig. Vurdering av bokført verdi sammenlignet med egenkapital for de respektive selskapene man har eierandeler i.</li> </ul>
<b>Avsetning for forpliktelser (og inntekter)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Garantiavsetninger</li> <li>▪ Ressurskrevende brukere</li> </ul>	<b>Avsetning for forpliktelser</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi vil diskutere med ledelsen de forhold som tilsier avsetning for forpliktelser og underliggende avtaler</li> <li>▪ Vi vil gjennomgå ledelsens beregninger og historisk treffsikkerhet for vurdering av avsetning for inntekter</li> </ul>

# Revisjon av øvrige vesentlige områder

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p><b>Øvrige periodiseringer</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Inntekter og kostnader</li> </ul>	<p><b>Periodisering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Risiko for feil knytter seg til knappe rapporteringsfrister, og vår tilnærming vil være å gjennomgå interne rutiner for periodisering av de vesentligste regnskapspostene</li> <li>Gjennomgå et utvalg fakturaer før og etter årsskiftet for kontroll av korrekt periodisering.</li> <li>Gjennomgå avsetningen for påløpt lønn, feriepenger og andre godtgjørelser som ikke er utbetalt.</li> </ul>
<p><b>Driftsmidler</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Bygninger/tomter</li> <li>Maskiner og utstyr</li> <li>Inventar</li> <li>Av- og nedskrivninger</li> </ul>	<p><b>Driftsmidler</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Påse at anleggskartotek er avstemt mot hovedbok</li> <li>Analytisk kontrollhandling mot totale regnskapsmessige avskrivninger</li> <li>Kontrollere et utvalg av vesentlige tilganger / avganger</li> </ul>
<p><b>Finansområdet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Plasseringer</li> <li>Gjeld</li> </ul>	<p><b>Finansområdet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgang av finansreglementet for å påse at dette er ihht regelverket</li> <li>Kontroll av beholdninger/lån mot eksterne oppgaver</li> <li>Kontroll av minimumsavdrag, regnskapsmessig håndtering og noteinformasjon</li> <li>Påse at det er samsvar mellom låneopptak i året, bruk av lån i året og bevegelser på konto for ubrukte lånemidler.</li> </ul>

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:

1. Gjennomgang av kjerneprosesser
2. Revisjon av vurderingsposter
3. Revisjon av øvrige vesentlige områder

# Revisjon av øvrige vesentlige områder

Tema	Virkning på revisjonsplan
<p><b>Ikke rutine-transaksjoner</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Potensielt alle</li> </ul>	<p><b>Ikke rutinetransaksjoner</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdere interne rutiner for hvem som har mulighet for å gjøre direkteføringer i hovedbok</li> <li>Kontrollere manuelle føringer via uttrekk fra regnskapssystemet i et lesbart format over alle manuelle føringer i løpet av året</li> <li>Gjennomgang av transaksjoner som anses for å være ikke-rutine (for eksempel spesielle salgstransaksjoner etc.) for å påse korrekt regnskapsføring og presentasjon</li> </ul>
<p><b>Investeringsregnskap</b></p>	<p><b>Inntekter og utgifter</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgang av kommunens rutiner og vurdering av internkontrollen</li> <li>Kontrollere at driftsutgifter ikke ligger i investeringsregnskap (og motsatt)</li> <li>Kontrollere at investeringsinntekter ikke ligger i driftsregnskap (og motsatt)</li> </ul>
<p><b>Selvkost</b></p>	<p><b>Selvkost</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgang av kommunens rutiner og vurdering av internkontrollen</li> <li>Kontroll av regnskapsføring av selvkostfond og selvkostnote til årsregnskapet</li> </ul>
<p><b>Mva</b></p>	<p><b>Mva</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgang av kommunens rutiner for innrapportering og regnskapsføring av merverdiavgift</li> <li>Løpende gjennomgå og attestere på kompensasjonsoppgave for merverdiavgift</li> </ul>

Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:


- Gjennomgang av kjerneprosesser
- Revisjon av vurderingsposter
- Revisjon av øvrige vesentlige områder



# Revisjon av øvrige vesentlige områder

<b>Vår revisjon kan i hovedsak deles inn i tre områder:</b>  1. Gjennomgang av kjerneprosesser  2. Revisjon av vurderingsposter  3. Revisjon av øvrige vesentlige områder	Tema	Virkning på revisjonsplan
	<b>Offentlige anskaffelser</b>	<b>Offentlige anskaffelser</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Gjennomgang av kommunens internkontrollrutiner på området</li></ul>
	<b>Budsjett</b>	<b>Korrekte budsjettall i årsregnskapet</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Er budsjettjusteringer gjort på riktig nivå og tilstrekkelig dokumentert</li><li>▪ Foretar man nødvendige budsjettjusteringer</li></ul>
	<b>Disponeringer/ Egenkapital</b>	<b>Direkteføringer</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Innhente og vurdere kommunens avstemming av kretsløp og noter</li><li>▪ Kontroll av utvalg bundne fond som har vært brukt i løpet av året.</li><li>▪ Innhente kommunes dokumentasjon på disponering av resultat, samt gjennomgang av avstemming/note for kapitalkonto og disposisjonsfond</li></ul>
	<b>Årsregnskap og årsberetning</b>	<b>Årsregnskap</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kontrollere at det er samsvar mellom årsregnskap og noter med revidert regnskap</li><li>▪ Gjennomgang av sjekklister for årsregnskap, noter og årsberetning for å påse at krev til opplysninger er oppfylt</li></ul>

# Revisjonsåret



# Tidsplan og rapportering

Har til formål å sikre tidsriktig og kvalitativ revisjon med verdi-skapende tilbakemelding til dere.

Vi ønsker løpende dialog og ser gjerne at dere tar kontakt, også utenom våre planlagte møter.

Aktivitet	Dato/uke
Planleggingsmøte med gjennomgang revisjonsplan	Uke 47
Interimsrevisjon	Uke 47
Rapportering interim	Uke 48 – 49
Årsoppgjørrevisjon (tidspunkt avtales ifm interim)	Uke 8 – 12
Rapportering årsoppgjørrevisjon	Uke ?
Kontrollutvalget	?
Kommunestyre	?



[kpmg.com/socialmedia](https://kpmg.com/socialmedia)



[kpmg.com/app](https://kpmg.com/app)



© 2018 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2018/56-1  
Sakshandsamar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	40/18	10.09.2018

### Henvending frå Valgjerd Teigen

#### Bakgrunn for saka:

Sekretariatet mottok vedlagte henvending frå Valgjerd Teigen i juni månad 2018. Sekretariatet registrerer at henvendinga m.a. gjeld uønskt vatn som kjem inn på eigedomen.

Kontrollutvalet si rolle og ansvar er regulert i kommunelova § 77. Vidare skal «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» leggjast til grunn i kontrollutvalet sitt arbeid. I § 4 står det m.a. dette:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

I merknaden til denne paragrafen står det m.a.:

*«Kontrollutvalget har ikke plikt til å behandle andre enn de saker som det får seg forelagt fra kommunestyret/fylkestinget, eller der det framgår av forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Når det gjelder henvendelser fra andre enn kommunestyret/fylkestinget eller revisjonen, må kontrollutvalget selv vurdere om saken hører under utvalgets kompetanseområde og om det vil prioritere saken.»*

#### Drøfting:

På bakgrunn av det som går fram av forskrifta må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil handsame den mottekne førespurnaden eller ikkje. I denne vurderinga bør fokuset vera om henvendinga kan vera eit signal om at det ligg føre systemfeil. Vidare bør t.d. følgjande moment takast med i vurderinga:

- Er saka under politisk handsaming?
- Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan
- Er det klagemoglegheit etter forvaltningslova som ikkje er nytta?

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97505152 - E-postadresse: [roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Kan dette vera ein politisk omkamp?
- Høyres førespurnaden inn under kontrollutvalet sine oppgåver?
- Har kontrollutvalet tilstrekkelig med kapasitet og budsjettmidlar til å prioritere denne saka opp mot andre viktige saker?

Når det gjeld denne konkrete førespurnaden kan det peikast på to måtar å handtera den, med bakgrunn i vurderingar som vert gjort i høve kulepunkta over:

- a) Kontrollutvalet kan vedta at dei ikkje ønskjer å prioritere å bruke ressursar på denne saka av omsyn til andre og viktigare oppgåver utvalet held på med.
- b) Dersom kontrollutvalet ønskjer å få fram meir informasjon i saka før det vert bestemt kva ein vil gjera vidare i saka kan ein be rådmannen om å koma i neste møte for å gjera greie for sitt syn på saka.

#### Konklusjon:

Det vert invitert til at kontrollutvalet drøftar seg fram til ein konklusjon i saka og den vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Spørsmål i forbindelse med Stord kommune

Sekretariatet for kontrollutvalget i Hordaland Fylkeskommune  
v/Roald Breistein.

Stord 12.06.18



Henviser til telefonsamtalene angående spørsmål i forbindelse med Stord kommune.

Boligfeltet eg bur i har Stord kommune festa frå grunneigar Bjelland i 1965.

Til sammen 60 mål, herav 16 som friareal. Stord kommune har framfesta til boligtomter, 40 stykk. I ettertid blei det seld 5 ekstra tomter til, deriblandt mi. Einaste tomta som ikkje var innteikna på kartet. Vedlegg. Svært vanskelig tomt, nedanfor ein krapp sving. Som det går fram av vedlagt festeavtale er det me som har betalt for opparbeidelse av feltet på kr. 5000,- pr husstand. Timelønn ca. kr. 8,- pr. time. I 1965 var prisen på eigande tomter kr 5 – 7000,- . Dermed fekk kommunen 25 000,- ekstra utanom kalkylen samt auka fellesarealet med 2 mål, teoretisk. Eindel mislighold i henhold til avtalen fra starten av.

Så utan forvarsel, me hadde budd i huset i 6 mnd – juli 1970, medan me var bortreiste i 14 dager, la Stord kommune halve eigeodomen under store steinmasser, heilt inntil husveggen, vegen vår innkludert. Nokre store trær tok imot dei største steinane. Dei utvida vegbana i svingen med ca. 3 meter. «Me gjer blaffen i korleis de kjem til huset, de kan laga dykk ei trapp,» var svaret på våre henvendinger til Stord kommune. Min mann brukte kvar ledig stund til å fjerna steinmassane i 13 år. Han døde i 1989.

Det vart liggjande ein 5 meter skråning på vår eigedom. Vegen me laga til huset blei smal og knapt å komma ned med ein bil. Derfor parkerte besøkjande på friarealet vis a vis oss. Dette passa naboene dårlig og let ilska gå utover parkerande på ein svært belastande måte.

Han fekk då fradelt eindel av tomta si til husbygging for dattera. Me protesterte med alle midler mot denne bygginga i 2001, ingenting førte fram. «Me vel side i ei sak» sa ordførar Rommetveit på eit møte. Fylke – Forvaltningsstyret og me som protesterte fekk feil fakta om byggesaka. Deler av friarealet som me brukte som parkering blei overdradd til hage, grensemerkene fjerna, innkjørselen endra, ingen drenering – spillvassledning, laga mur foran min nedkjørsel samt ei åpen grøft. Til orientering pr i dag er det den fjerde eigaren av det nybygget på 16 år. Konsekvenser for meg: Kom ikkje ned med bilen , laut parkera ved nedkjørsla. Bilistar, om vinteren, fekk problem, glei mot grøfta og muren. Stor påkjenning å få folk på døra i raseri. Laut selge bilen då dette blei uholdtbar. Vatnet fløynde uhemma ned til meg, fekk vatn i kjellaren mot vegen.

Søkte om graveløyve om å få fjerna skråninga til Stord kommune, dei svara nei med begrunnelsen at då ramla vegen ut. Hyra advokat 2006. Stord kommune skulle då fjerna skråning. Også ein mur som blei laga i svingen i 1983 bort fra min eigedom. 2007 då arbeidet med dette byrja kom representant fra Stord kommune og bad om at den gamle muren fekk stå elles fekk dei problem med fremkommelighet i svingen.



Mange gode lovnader om dei fekk dette. Den avtalen braut dei umiddelbart. No sit eg med ein 4,5 meter høg mur. Vegen min bygde dei opp slik at den er ubrukelig for bil og gåande vinterstid.

I 2002 i forbindelse med husbygginga lova Stord kommune å ordna Sponavikdalen, då denne vegen var og er i dårlig forfatning.

2011 rådmann og ordførar var i lokalavisa i februar og mars om informasjon til ibuarane om kor dårlig det stod til med økonomien i kommunen. Vedlegg.

På ettersommaren 2011 blei me orientert om at utbygger Øyvind Jørgensen skulle byggja tomannsbolig på ein gammal byksla eiendom. I den forbindelse skulle Stord kommune restaurera Sandbrekka med nytt kloakk og vannsystem. Jørgensen var sterkt involvert i dette arbeidet. Eg trudde han var tilsatt i kommunen. Desember samme år søkte grunneigar Bjelland, om skogsveg. Han skulle knyte gammal skogsveg til Sandbrekka i vårt byggefelt. Dette arealet er byksla av oss så Stord kommune og grunneigar har ingen råderett over dette vil eg tru.

Etter to veker var løyve gitt til skogsveg. Vedlegg. Denne vegen laga Stord kommune av våres skattepengar i ei økonomisk krisetid. Det blei kjørd utallige lass fyllmasse til dette området fra andre stader i kommunen. Laga og ein stor parkeringsplass. Også parkeringsplass nær nybygget.

Me festarane betalar fortsatt 18 mål med friareal ca. 35 000,- i året. Stord kommune har ikkje betalt ei krona i å byggja opp dette feltet, som nå er tilkobla skogsveg og alt det medfører av kjøretøy.

2014 byrja grunneigar(varaordførar), rådmann og 14 andre med 12 slaktegris i skogen nær boligfeltet. Skogsvegen over vårt område er i flittig bruk.

I forbindelse med opparbeiding av skogsvegen leda dei alt vatnet under vegen og parkeringsplassen så let dei vatnet fritt renna ned i dalen utan nokon for drenering, der det meste samla seg hos meg. Grunneigar grov ei grøft fra gammal skogsveg ned til boligfeltets kumme som oppsitjarane grov ned i 1974 for å ta av vannsiget fra skogen. Etter disse nevne tiltaka fløymer vatnet fritt. To gonger har kjellaren min våre overfløymd av store vannmasser, vedsekker . møbler alt veggimellom. Store krefter i sving. Siste gong, august 2015, var heile huset omringa av vatn. Naboen fekk ein del vatn i sin kjellar. Han drenerte rundt huset, blei nekta av kommunen å føra vatnet til vår kumme, då den var overbelaste med vatnet fra grunneigaren. Så nå renn også det vatnet direkte på min eigedom. Går i ein sump. Kjellaren er ubrukelig. Stord kommune var å såg på vassmengdene.

Leita etter nokon gamle røyr i skogen. Så forsvann dei.

Personar fra eigedomsskattekontoret var hos meg på synfaring, verdien på eigedomen blei redusert med ca. 400 000,-.



Grunneigar planta juletrær på 1980 – tallet. I dag er trærne ca. 20 meter høge, nektar å fella eit tre. Vedlegg.

Eg har nå forsøkt å belysa min og min famelie sin livssituasjon fra 1970. Alle disse år har Stord kommune gjordt bruk av vår eigendom. Min livskvalitet er kraftig redusert på alle områder. Det har gått sterkt utover både mine barn og barnebarn. Eg veit ikkje kva det vil sei å ha eit vanlig normalt liv. Og den sjikane og mobbing som Stord kommune bedriver bør vera heilt uakseptabelt i eit norsk samfunn. Pr.idag sit eg i eit hus som er sterkt redusert i verdi. Heile huset innvendig er prega av alt vatnet. Dørrar ,lister, fuktighet bl.a. Om vinteren må eg reisa vekk då huset er iskaldt, fyrer fra morgen til kveld så blir tempraturen aldri mer enn 15 grader i stova

Nabolova, plan- og bygningslova, straffelova, tomtefestar lova, er det akseptert at dei offentlige tenestemenn kan bryta paragrafar i disse lovene som skal vera eit vern for folket.

For brudd på disse får store konsekvenser for enkelt menneske.

Eg har gjordt mitt beste for å belysa situasjonen, sender en del foto og dokumenter som forhåpentligvis vil vera til hjelp når du ser på saka.

Takknemlig for at du viste intresse .

Mvh.

Valgjerd Teigen

Sponavikdalen 36

5411 Stord



29 JUN 2018

VEDLEGG.

- 1 Feslekontakt
- 2 Kart over bygsta område fra 1965
- 3 Kart over - område pr. idag.
- 4 Deling av eiendom - Malgruppe.
5. Byggesavgifter
6. Søknad om Landbruksveg - skogsveg
7. Diverse avis skrivers fra S.K. 2011 - 2016
8. Diverse foto ang. grenser.
9. Foto. Veg - murr
10. Foto.
11. Uavt - på tomte murr.
12. Bruk av veg og areal ett skogsveg
13. Eigdomsskatt.
14. NOTAT fra sakstamsavvinne - byggesak 2001.

2975 00  
1421

LAGBUKFORI  
16.11.67 011014  
SORENSKRIVAREN I  
SUNNHORDLAND 305A  
**FESTEKONTRAKT**

1101

§ 1.

STORD KOMMUNE

som festar eigedomen Sponavikdalen gnr. 39 bnr. 385

av eigar Otte T. Bjelland

festar vidare bort ein parsell av denne eigedomen til

Olav A. Teigen f.

(i det etterfylgjande kallar festar).

§ 2.

Parsellen er ein hustomt, skylddelt den 25. oktober 1965

og har fått bruksnamn:

Parsell 39, gnr. 39 bnr. 468

Areal.

I følge målebrevet er arealet netto	861	m <sup>2</sup>
Her til kjem bruksareal som veggrunn, friareal m.v.	408	m <sup>2</sup>
Brutto areal	<u>1269</u>	m <sup>2</sup>

§ 3.

Innfestingsavgift, kr 5000,--

er innbetalt til heradskassen.

Denne avgifta dekkjer refusjon til kommunen for opparbeiding av veg, vatn og kloakk.

Arleg festeavgift utgjer kr. 254,--, utrekna etter 4 %

og kr. 5,-- pr. m<sup>2</sup> for brutto areal.

Festeavgifta skal betalast halvårleg forskotsvis, kvart års 1.4 og 1.10.

§ 4.

Som trygd for festeavgifta har kommunen panterett i dei bygningane som vert oppførte på tomta.

Dersom bygningane er pantsette til Den Norske Stats Husbank, skal kommunen til kvar tid berre ha prioritet for forfallen avgift for inntil eitt år (forutan retten til framtidig avgift).

Dersom festeavgifta ikkje vert betalt i rett tid, har kommunen rett til utan søksmål å driva inn forfallen avgift og å setja bygningane under tvangsauksjon.

§ 5.

Festetida skal vera 99 år.

Etter at festetida er ute skal festaren ha rett til å løysa inn tomta etter verdien på innløysingstida med frådrag for verdauke som følgje av påkostnader og utbetringar som er gjort av festaren og forgjengarane hans, dersom ikkje grunneigaren og kommunen vil forlengja festekontrakten på rimelege vilkår, eller etter lovleg skjøn, overta bygningane på tomta og godtgjera verdauken av tomta som følgje av påkostnader og utbetringar som er gjort av festaren og forgjengarane hans.

§ 6.

Festaren har rett til å overdra eller pantsetja festeretten i samsvar med denne kontrakten, når dette vert gjort i samband med overdraging eller pantsetting av bygningane på tomta.

I tilfelle av tvangssal av bygningane har kjøparen rett til å overta festeretten.

§ 7.

*Den Norske Stats Husbank.*

Så lenge det kviler Husbanklån på bygningane på tomta skal:

- a. Festekontrakten ikkje gå ut sjølv om kortare festetid er avtalt.
- b. Tomta ikkje kunna krevjast rydda.
- c. Festeavgifta ikkje kunna gjerast høgare utan samtykke frå banken.
- d. Husbanken eller kommunen i tilfelle av at festet vert ledig ha rett til å setja inn ny festar på dei opphavelige vilkåra for den attverande delen av festetida eller evt. lånet si løpetid.

§ 8.

*Rett til innløysing av tomta.*

Festaren skal ha rett til å få kjøpa tomta etter avtale med grunneigaren og med direkte oppgjer til han mot skøyte. Kommunen skal godkjenna kjøpet ved ordføraren si underskrift på skøytet.

BUSTADFELT VED SPONAVIK.

BYGSELVILKÅR.

Innfestingsavgift, kr. 5.000.00 skal betalast til heradskassen før bygselkontrakt vert utskreven. Denne avgift dekkar refusjon for opparbeiding av veg, vatn og kloakk.

Årleg festeavgift, kr. 273.00 pr. da. skal betalast halvårleg forskotsvis med kr. 136.50 den 1. april og den 1. oktober. Kommunen skal ha panterett i eigedomen for bygselavgift som ikkje er betalt i rett tid.

Frist for innfesting: Dersom tomtesøkjaren ikkje har betalt innfestingsavgifta 3 veker etter at vedtak om tildeling er kunngjort for søkjaren skal kommunen stå fritt til å overdra tomten til andre.

Bygselkontrakt vert utskreven av kommuneingeniøren etter at det er laga målebrev for tomten og kvittering frå heradskassen for betalt innfestingsavgift er lagt fram. Kostnad med tinglysing av bygselkontrakt og målebrev skal berast av kjøparen.

Grunneigaren i Sponavikfeltet er Otto T. Bjelland. Heile feltet er bygsla frå han av Stord kommune som fram-bort-fester kvar parsell til husbyggaren. Opparbeidinga av veg, vatn og kloakk inne i feltet vert forskottert av kommunen, for i alt kr. 200.000.00 og utlikna med kr. 5.000.00 på kvar av dei 40 parsellane. Til kvar tomt skal det framførast veg. Vass/kloakkleidningar vert lagde fram til punkt, ikkje over 30 mtr. frå noko hus.

Heile feltet er på 60 da. og kommunen betalar grunneigaren kr. 12.000.00 årleg i festeavgift.

Netto byggetomter, utanom veggrunn og friareal, er 44 da. Bygselavgifta kr. 273.00 pr. da. omfattar såleis også leige av veggrunn og friareal.

Dersom nokon i framtida ynskjer å kjøpa tomten han har bygt på, er det høve til å ta dette opp med grunneigaren og kommunen.

Stord kommuneingeniørkontor, den 17.3.1965.

Johs. Tufteland.




g.nr. 39, b.nr. 385

2

384

A = 62412 m<sup>2</sup>


M = 1:2000



↓ Dette er kartet fra 60' tallet da det kalibrerte med  
40 kontur - 5000 - 200.000 -  
Mi fant en iltye på dette kartet.



3




Innanfor rød strek er  
 festa område.  
 44 mål til tomter  
 10 + 2 mål i fri areal.  
 Spør faste kartant.

2012 i forbindelse med fjerdsen si etterbygging  
 der de gamle parkeringsplassen vis a vis Arvidt skole  
 Plass til 8-10 biler - Foto.

24.11.2011 12:59





Gamle skogsveg  
 Her er grisen.

Ny skogsveg som knyter  
 saman desse to, som då knyter  
 Gamle skogsveg til Sandtrekkia.  
 Vidare føring inn i vårt byggstø  
 område.



4

Av: Stord kommune  
Publisert: 13.09.2015

Innhold erst oppdatert:  
Oppdatert: 10.05.2017

## Deling av eigedom

Omtale

Målgruppe

Vilkår

Rettleiing

Saksbehandling

Klage

Annan informasjon

### Omtale

Ønskjer du å dele frå ei tomt eller opprette ein festegrunn for meir enn ti år, må du søkje kommunen om løyve. Eit slikt løyve er trinn 1 i ein saksbehandlingsprosess der trinn 2 er å halde ei oppmålingsforretning der den nye eininga får eige gards- og bruksnummer (matrikelnummer). Ved delinga må det ikkje kome til forhold som strir mot plan- og bygningslova eller vedtekter som er gjorde etter lova. Difor er krava til søknaden og saksbehandlinga i kommunen den same som for byggesøknader. Skal du søkje om frådelling for ei ekstra bustadtomt i hagen, må kommunen ta stilling til om det er mogleg å byggje eit bustadhus av normal storleik og standard på den nye parsellen.

Det er ikkje nødvendig med løyve for deling som skjer som ledd i eit jordskifte i tråd med ein rettsleg bindande plan.

[Til toppen](#)

### Målgruppe

Blant andre desse kan krevje ein delingssøknad:

- Grunneigarar (personar som har grunnboksheimei til ein eigedom)
- Den som gjennom rettskraftig dom er kjent som eigar til den delen av eigedommen som ein ønskjer frådelt
- Den som har løyst inn festegrunn etter lov om tomtefeste

[Til toppen](#)

### Vilkår

For å kunne setje i gang tiltaket må søknaden (og eventuelt søknad om dispensasjon frå vilkåra, eventuelt forslag om å endre reguleringsplan) vere godkjent av kommunen. Desse vilkåra må vere oppfylte:

- Det må vere sendt varsel til naboane
- Tomtedeling må oppfylle alle krava til byggjetomt i plan- og bygningslova, for eksempel krav til veg, vatn og avløp
- Tiltaket må ikkje vere i strid med arealdelen i kommuneplanen eller reguleringsplanen

[Til toppen](#)

### Rettleiing

Søknaden om deling av eigedom skal vere skriftleg. Du må føre opp korleis du ønskjer at delinga skal utførast. Du må også leggje fram eit forslag til grensegangen som er teikna inn på kart.

[Til toppen](#)

### Saksbehandling

Ein søknad om løyve som ikkje medfører dispensasjon frå vilkåra, skal avgjerast av kommunen innan tolv veker. Byggesaksgebyret skal reduserast med 25 % for kvar påbegynte veke tidsfristen overskridast.

Dersom det i tillegg ikkje har kome merknader frå naboar/gjenbuvarar og fråsegner frå annan myndighet ikkje er nødvendig, skal kommunen avgjere saka innan tre veker. Dersom kommunen ikkje har avgjort søknaden innan fristen har gått ut, reknast løyve for gjeve, forutsett at det du søker om, ikkje er i strid med reglane.

[Til toppen](#)

Kommunen skal innhente dei opplysningane som er nødvendige for å avgjere saka. Deretter blir det gjort eit vedtak. Til vanleg får du ei grunngeving samstundes med vedtaket. Du får alltid ei grunngeving dersom ein trur at du blir misnøgd med vedtaket. Dersom grunngevinga ikkje følgjer med, kan du få ho ved å vende deg til kommunen før klagefristen for vedtaket går ut.

[Til toppen](#)

### Klage

Dersom du er misnøgd med vedtaket, kan du klage til kommunen innan ein frist på tre veker frå du tok imot det. Forklar kva du er misnøgd med og kvifor du meiner at vedtaket bør endrast. Treng du rettleiing, kan du vende deg til kommunen. Dersom kommunen lét vedtaket stå, blir saka sendt vidare til Fylkesmannen, som avgjer om klagen skal takast til følgje.

[Til toppen](#)

### Annan informasjon

Opprettet: 30.11.2015 10:56:01  
Oppdatert: 24.05.2017 15:57:38

[Til toppen](#)



# AVTALEGIROFAKTURA

Teigen Valgjerd G  
Sponavikdalen 36  
5411 STORD

Org.nr. 939866914MVA  
Fakturanr. 31609721  
Fakturadato 16.02.2016  
Forfallsdato 17.03.2016  
Ordrenr. 2065597  
Kundenr. 52958  
Dykkar ref.

Vår ref. .

**Gjeld: Kommunale avgifter**

Tif.: 53496600 Kundetorg

Beskrivelse	Antall	Enhet	Enhetspris	Beløp
<i>Eiendom 39/468/0/0, Sponavikdalen 36</i>				
10801 Festeavg. Sponavik	2 398,0	STK	0,50	1 199,00

Fakturaen gjeld 1. termin 2016

*Mi tomt 861m<sup>2</sup> + fellesareal 385m<sup>2</sup> 1246m<sup>2</sup>  
Tomta kr. 1653,- fellesareal 739,- x 47  
pr. år 34733,-*

*Dette bli registrert i S.K som kommunale avgifter.*

Etter forfall vert det rekna ei rente på 8,75% P.A. Ved purring vert det rekna gebyr.

Forfallsdato	Sum eks. mva	* Sum mva.	Sum å betale
17.03.2016	1 199,00	0,00	1 199,00

### Kvittering

Innbetalt til konto  
8530 12 44113  
KID 15295831609721105

Beløp 1199,00 x 2

Betalerens kontonummer  
Blankettnummer 6255777168

Betalingsinformasjon  
Kundenummer 52958  
Fakturanummer 31609721  
Fakturadato 16.02.2016

### GIRO

Betalingsfrist 17.03.2016

Underskrift ved girering

Betalt av  
Teigen Valgjerd G  
Sponavikdalen 36  
5411 STORD

Betalt til  
Stord kommune  
Boks 63  
5401 STORD

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

Beløp belastes konto på forfallsdag.

68>



Statens landbruksforvaltning  
Norwegian Agricultural Authority

Stortingegaten 28  
Postboks 8140 Dep  
0033 Oslo  
Telefon 24 13 10 00  
Telefaks 24 13 10 05  
postmottak@slf.dep.no

## Søknad om bygging av landbruksveg

År 2011	Fylke Hordaland	Kommune Stord
<b>1: Grunnopplysninger</b>		
Namnet til søkeren Jakob Bjelland		
Adresse Bjellandsvegen 104	Postnr. 5411	Poststad Stord
Namnet til vegen Skogsveg Midthaugsdalen		Planleggjar Jakob Bjelland/Bjørn Øyvind Jørgensen
<b>2: Data for veg og dekningsområde</b>		
Interesser i vegen		
Skogbruk	100 %	Jordbruk %
Buseiing	%	Seter/beiting %
Anna	%	
Er prosjektet ein del av ein hovudplan for vegar eller noko anna overordna?		Er avkøyring frå offentlig veg godkjend?
<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Tall for vegens dekningsområde		
Totalareal	0 dekar	Prod.skog 0 dekar
Jordbruksareal	0 dekar	Hogstmoden skog m <sup>3</sup>
Anna:	Vegen vil forenkla tilkomst til Gullberg, og ikkje utvida dekningsområdet.	
Planlagd vegklasse		
Bilvegar	<input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5	Vinterbilvegar <input type="checkbox"/> 6
Traktorvegar	<input type="checkbox"/> 7 <input type="checkbox"/> 8	Enkel veg <input checked="" type="checkbox"/>
Nyanlegg	60meter	Ombygging meter
Interessentar	1 stk.	
Berekn økonomisk gevinst		
Transportgevinst skogbruk	10000 kr	Berekn byggjekostnad
Transportgevinst jordbruk	kr	0 kr
Anna	kr	Sum transportgevinst
		10000 kr
Er naboar og rettshavarar varsla? <input checked="" type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt <input type="checkbox"/> Ja, lista ligg ved		
<b>3: Kjende miljøverdiar i området (marker på kartvedlegga)</b>		
Miljøverdiar som krev uttaling frå fylkesmannen:		
Verna vassdrag	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Villmarksprega naturområde (> 5 km frå tyngre teknisk inngrep)
Areal med annan spesiell miljøstatus	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja, spesifiser i feltet nedanfor.
Andre miljøverdiar i området:		
Sårbart planteliv		
Kjente kulturminne		
Viktige område for friluftsliv		
Kulturlandskap, landskapsbilete		
Anna		
Eg køyrer traktor inn i Gullberg med traktor omlag 30 gonger i året. Vegen inn går via Sponavikjo. Med den nye parsellen vil tilkomsten verta kortare, og eg slepp å køyra nedom Sponavikjo. Veg i området er stengt for andre.		
<input type="checkbox"/> Reindriftsinteresser	<input type="checkbox"/> Inngrepsfrie område 3-5 km	<input type="checkbox"/> Inngrepsfrie område 1-3 km
Vemeskog	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
<b>4. Underskrift</b>		
Eg veit at bygginga ikkje kan setjast i verk utan løyve frå kommunen.		
Stad og dato Stord 6/12 2011	Underskrift Jakob Bjelland	

Jacob Bjelland

Bjellandsvegen 104,

5411 Stord

### Søknad om bygging av landbruksveg i Midthaugsdalen på Stord.

Søknad om bygging av landbruksveg i Midthaugsdalen, dagsett 06.12.2011. Tiltakshaver Jacob Bjelland, Bjellandsvegen 104, 5411 Stord

#### Dokument:

- Søknad om bygging av landbruksveg, dagsett 06.12.2011.
- Kart i M= 1:50.000 og i M= 1:2500
- «Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål», fastsatt av Landbruksdepartementet 20.12.1996.
- «Normaler for landbruksveger med byggebeskrivelser», fastsatt av Landbruksdepartementet 20. juni 1997.
- LOV 2005-05-27-31: Lov om skogbruk.

#### Bakgrunn:

I samband med Stord kommunale Vatn og Avlaup si oppgradering av leidningsnett i Sandbrekko fekk tiltakshaver førespurnad om dei kunne fylla masse på hans grunn. Det gav han løyve til. I den samanheng ønskjer grunneigar at deler av massen vart brukt på eksisterande skogsveg i Gullberg. Ved å opprusta traktorvegen/stigen frå Sandbrekko til vegen i Gullberg vil ein kunne køyre inn på skogsvegen utan å måtte køyre om Sponavikjo. Vegene er i enden av Sandbrekko og det er ingen problem med avkøyring frå offentleg veg.

#### Veganlegget:

Den omsøkte vegen går frå utfyllinga til eksisterande skogsveg og vil få ein lengde på 60-65 m. Den vart bygd som enkel veg i vegklasse 3 og rekna som tilførselsveg til eksisterande veganlegg i Gullberg.

#### Vurdering:

Omsøkt veg ligg i LNF-området. Vegene startar på fyllinga som figg i regulert område i kommuneplanen. Framføringa vil gå i flatt terreng og vil ikkje få skjeringar eller fyllingar av betydning. Den vil ikkje koma i konflikt med kulturminne eller særskilte miljøkrav. Tiltaket er i tråd med gjeldande arealdisponering innanfor LNF-området.

**Vedtak:**

Stord kommune v/Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor syner til «Forskrift om planlegging og godkjenning av veger til landbruksformål», og med heimel i § 7a i skoglova av 21. mai 2005 godkjenner plan og bygging av veg i vegklasse 3 frå Midthaugdalen til eksisterande veg i Gullberg på eigdom gnr. 39 og bnr. 3. Vegen byggast etter byggebeskriving gitt for vegklasse 3 i Landbruksdepartementets vegnormalar.

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor 15.12.2011.

  
Ole Kristian Trondsen

Fagkonsulent skog

## Harald Oddvar Sæbø

---

**Fra:** Harald Oddvar Sæbø  
**Sendt:** 12. desember 2011 09:45  
**Til:** 'Jakob.Bjelland@wartsila.com'  
**Kopi:** 'audun.torvund@fitjar.kommune.no'  
**Emne:** SV: Søknad om bygging av skogsveg - Godkjenning av avkjørsle

Hei !

Dette er ei sak som skal handsamast av Stord – Fitjar landbruks og miljøkontor etter landbruksvegforskrifta ( FOR 1996 - 12 - 20) jfr. § 1-2.

Det er likevel slik at Stord kommune v/ vegmynde skal godkjenne avkjørsle dvs. den fysiske tilkoplinga mellom kommunal veg og privat eigedom i Sponavikdalen. Dette er eit uregulert område kor kommunepleanen er gjeldande. Eksisterande sti som går inn i Gullberg på denne staden i Sponavikdalen er søkt oppgradert til traktorveg. Det går fram av søknaden at denne traktorvegen vil ha liten trafikk og at vegen vil vera stengt med bom for å unngå uønska motorisert ferdsel. Vegmynde i Stord kommune godkjenner med dette omsøkt avkjørsle med heimel i vegloven § 40.

Med venleg helsing,

Harald Oddvar Sæbø  
Fagsjef (Trafikk og beredskap)  
Stord kommune  
Direkte: +47 53 49 68 39 | Mobil: +47 975 52 160

**From:** Jakob.Bjelland@wartsila.com [mailto:Jakob.Bjelland@wartsila.com]  
**Sent:** 9. desember 2011 12:34  
**To:** Harald Oddvar Sæbø  
**Subject:** FW: Søknad om bygging av skogsveg

Hei.

Vedlagt er søknad om bygging av skogsveg som er sendt landbrukskontoret. Vegen startar inst i Sandbrekko. Fekk tilbakemelding frå landbrukskontoret om at eg måtte spørja deg om eg må senda ein formell søknad om avkøyring frå kommunal veg. Så spørsmålet er om eg må det?

Beste helsing

Jakob

**From:** Bjelland, Jakob  
**Sent:** 6. desember 2011 11:34  
**To:** 'Ole Kristian Trondsen'  
**Subject:** Søknad om bygging av skogsveg

## Harald Oddvar Sæbø

---

**Fra:** Jakob.Bjelland@wartsila.com  
**Sendt:** 9. desember 2011 12:34  
**Til:** Harald Oddvar Sæbø  
**Emne:** FW: Søknad om bygging av skogsveg  
**Vedlegg:** Søknad.pdf; Vedlegg.docx

Hei.

Vedlagt er søknad om bygging av skogsveg som er sendt landbrukskontoret. Vegen startar inst i Sandbrekko. Fekk tilbakemelding frå landbrukskontoret om at eg måtte spørja deg om eg må senda ein formell søknad om avkøyring frå kommunal veg. Så spørsmålet er om eg må det?

Beste helsing

Jakob

---

**From:** Bjelland, Jakob  
**Sent:** 6. desember 2011 11:34  
**To:** 'Ole Kristian Trondsen'  
**Subject:** Søknad om bygging av skogsveg

Hei.

Vedlagt er søknad, med litt utfyllande kommentarar i vedlegget.

Beste helsing

Jakob.

---

**From:** Ole Kristian Trondsen [<mailto:ole-kristian.trondsen@fitjar.kommune.no>]  
**Sent:** 5. desember 2011 08:15  
**To:** Bjelland, Jakob  
**Subject:** VS:

Hei

Skreiv feil adresse første gongen så eg prøvar igjen.

Ole K

Hei.

Vedlagt er søknad, med litt utfyllende kommentarer i vedlegget.

Beste helsing

Jakob.

**From:** Ole Kristian Trondsen [<mailto:ole-kristian.trondsen@fitjar.kommune.no>]  
**Sent:** 5. desember 2011 08:15  
**To:** Bjelland, Jakob  
**Subject:** VS:

Hei

Skreiv feil adresse første gongen så eg prøvar igjen.

Ole K

**Fra:** Ole Kristian Trondsen  
**Sendt:** 2. desember 2011 11:06  
**Til:** [jakob.bjelland@wartsila.no](mailto:jakob.bjelland@wartsila.no)  
**Kopi:** Audun Inge Torvund ([audun.torvund@fitjar.kommune.no](mailto:audun.torvund@fitjar.kommune.no))  
**Emne:**

Hei

Vedlagt søknadskjema. Veileder på baksida. Finn kart på [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no)

Ta kontakt om du har spørsmål.

Mvh

Ole Kristian Trondsen  
Fagkonsulent skog

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor

Mobil: 917 02 193



# Gjekk 13 millionar i minus

**Trudde på millionoverskot, enda opp med 13 millionar i minus.**

At det kan svinga fort feil veg i den kommunale økonomien, fekk Stord kommunestyre nedslåande varsel om i går.

Før representantane byrja på ei lang sakliste, opplyste ordførar Liv Kari Eskeland (H) at nett ferdigsummert rekneskap for 2010 kom ut med 13 millionar kroner i driftsunderskot.

I desember fekk polititarane oppløftande varsel om at det gjekk mot eit prognostisert overskot på ca. 10 millionar kroner.

– 23 millionar i skilnad.



**Me har fått ei utfordring me snarast må ta tak i**

Det er litt pengar det, var det sagt i ein kommentar seinare i møtet.

– Me har fått ei utfordring me snarast må ta tak i. Budsjettet for inneverande år må revurderast, og rådmannen er alt byrja på jobben, sa ordføraren.

For Thor Gunnar Bjelland og Frp som hadde oppdraget med å velja allsongen som opna første kommunestyret i 2011, vart det full klaff med «Pengegaloppen» Ikkje minst refrenget : - «Ja, de penga, ja de penga – er til bekymring for fattig og for rik...»

STEINAR HYSTAD

Ordførar Liv Kari Eskeland informerte kommunestyret om at det blei 13 millionar i underskot i 2010. Det gav nye utfordringar for rådmann Magnus Mjør.

Slipshaddeud fredag 18. feb. 2011



## Stord kommune og økonomisk stode

24.03.11

■ Den siste månaden har det vore stor fokus på kommunen sin økonomi, etter at me i fjor opplevde eit underskot på rekneskapen, i tillegg til at budsjett føresetnadene våre har vist seg ikkje å vera korrekte.

Det har vore peikt på ansvar og skuld – og dette skal plasserast der det høyrer heime.

Å styra ein kommune, med det mangfald av tenester og aktivitetar som her foregår, er ei kompleks og utfordrande oppgåve. Det vert utretta ufatteleg mykje god tenesteproduksjon der ute i einingane, i skulane, barnehagane, institusjonane, heimesjukepleien, på kultursektoren, brann, park, hamn, - over 1000 menneske er kvar dag i sving for at me skal ha ein trygg og god kvardag, men også for

at me skal ha eit samfunn som er under utvikling og vekst.

Me har svært gode tenester her i kommunen vår. Det viser alle brukarundersøkingar. Me har ein skule som dei siste åra har klatra oppover på statistikkane, og me har gode tenester til dei som treng det mest. Me utfører lovpålagde tenester, i tillegg til at me yter tenester utanfor det som nokon med lova i hand forventar at me skal yta.

Når me no har ein situasjon der me må stoppe litt opp, sjå på tenestnivået og kva me nyttar våre kommunale kroner til, er det ein jobb me ikkje nødvendigvis går til med glede, men me veit den må gjerast.

På førre formannskap, vart administrasjonen utfordra på å gå i gang

med denne jobben. Og det var nær på eit samla formannskap som viste at dei har tillit til at administrasjonen tek den utfordringa dei har fått på bordet. Eg veit det vert jobba systematisk og konstruktivt på alle nivå i desse dagar, for å greie det som i utgangspunktet ser ut for å vera ei umogeleg oppgåve – å redusere årets budsjett monaleg. Kvar stein vert snudd, kvar tue skal løftast. Heile organisasjonen er med på denne dugnaden. Men det er naivt om ein trur at dette ikkje vil merkjast i samfunnet vårt. Og det blir opp til oss politikarar å ta dei vanskelege vala. Det ansvaret kviler på oss.

Liv Kari Eskeland  
Ordfører

## 30. nov. 2016 Sunnhordland Gravearbeid i Sæ

STORD: For om lag to veker sidan byrja Stord kommune eit arbeid i Sæ/Museumsbakken som til tider fører til trafikkutfordringar i området.

– Arbeidet er starta fordi bebuarane har opplevd vedvarande overvassproblematikk i området. Dette er eit tiltak for å skåna dei for overvatn på eigedommane deira, seier Øyvind Lothe i Stord kommune. Han synest det er vanskeleg å seia kor lang tid arbeidet vil ta,

men målet er å bli ferdige til jul.

– Me held på å skifta ut ei overvassleidning som var svært gammal. Kor lang tid det tek kjem an på kor mykje fjell me møter på i gravearbeidet, seier Lothe.

Han fortel at kommunen har god dialog med både museet og grunneigarane i området.

– Dersom me ikkje blir ferdige til jul, grev me att grøfta på heilagdagane. Til våren skal vegen asfalteast.

Før bygging:  
Parkering på friareal, i etanomen  
vegbanen.



AARRE SETTE EIN  
AVSKILTA BIL, FOR Å  
TA OPP OMRÅDET.  
GRENSEPINNE

X grunnmurke Ca.

Etter bygging. Kanskje kan AARRE eiga  
alt dette?



Imidlertid til eierdomen endra etter det som var  
avtalen i byggesaka og opplysningane til forvaltningsstyret  
og fylkesmannen.





2012 Fjögurmsen sitt bygg í Sandbukka.

Er dette innanfor eigne grenser?

Sitat frá brú, 29.12.2014 Magnús Mjör

"Det er ikkje gjort vedtak om á gjera veg  
om til hage for nýbyggjet í Sandbukka som  
dú vísar til. Dei godkjentu planane syner  
at útkbygginga ligg innanfor eigin tomt."

## GRENSER. Stord K.

01.10.03 "Ikke like seg til dette på kommunal grunn".

02.11.05 "Ikke å tale med Arvid AA. Grensene sett ut i marka.

17.06.05 "Lette arealet seg faster Arvid AA og har aldri vært fellesareal. Kjell Nerbo R. Myklebust

8.09.5 "Areal i vegkrysset er det en fellesareal og dette er det framleis" Kjell Nerbo R. Myklebust.

09.11.15 "Alle tiltak er gjort i samsvar med egne formål og grenser". Kjell Nerbo R. Myklebust.



Parkeringsplass nær nybyggjet til foigrusen. 2012



Her er veggen med laga. Ganske slutt opp  
med veggen



1982

Fra 2007. Her er veggen lagd opp ganske  
smykke. Noko S.K rekta for.



Opplygd  
ca 85cm

Opplygd  
ca 90cm


Bess-spanna som  
ganske ofte  
låg i min  
veg.



vinger  
balansert på  
muren.  
Etter 4 år med  
mas" fra  
meg, sette  
s.k gjerde  
på muren  
2011.

Hvordan  
laga -

KN icca  
fatti profil  
på muren.  
vra idee  
in loonadin  
av?







SPONAVIK DALEN 36





Sola skin på blå himmel. Slik er det  
hos meg hele formiddagen. Sommer 2017

Intet signal

Dette er kanskje på min T.V skjerm.  
Stad Kommune og kvinneorgan rukta å fjerna her.



2003. Overvakt på Nybygg.



11



Bekke fra skogen, Skogsveg,  
Langs naboen si grense  
2017 umpa min eiendom



Grøtt gress fra gammel skogsveg  
til nå (komme 2 store  
mengder vann. Denne grøtta er  
grove av grunnvann med S.K  
sitt sam lykke.





Vatnet frá naboem ledes drúkkir  
inn þá mi font 2016-17

2002 byggði hús vna á vís mig. Inngin spillvassleding.  
Allt Vatnet flaymdu með til mig.

2007 Masse vatn í stað del av kjellarum. Harten Doble ordur  
með Contai um, sa' eg kinnu hinga del som var óyðilagt.

2012, S.K laga skogveg til af Bjilland. Allt vatn blei dunnit rett inn  
í dalen til mig.

20015 haust. Heitu kjellarum föll av Vatn

2016 augúst. Kraftig flaim gjeanom kjellarum igjen. Húsið var omgitt  
av vatn þom kom frá 3 síðu af húsið.

2017. Halae kjellarum föll av vatn igjen.

S.K er ikkje inntvort í á gjeva nokki denne samheng.

MIN HENVISIE 'PARKERING', 2009



Viser til bus på Louise Vestbøstad 15.10.2017



JULETRE SALG - DESEMBER 2014



JULETRESALG 2015





GRISER TIL GULLBERG 20. mai 2016



DIVERSE BRUK AV VÅRT AREAL

JULETRESALG 17-18 des 2016



Parkering ?

Brilles endring ?







Austand på min egendom til Skagsøen -



Julehuset 2017.

Flittig bruk hele året.





## Parkerings tilvising for meg.

26.08.96. Kjell Nusbø ber meg laga parkering på eigen eigedom.

01.10.03 Kjell Nusbø. "Dykkar eigedom er tilvist gjesteparkering slik det går fram av kart skisse".

10.02.09. S.K. har tilvist ekstra parkering på fellesareal 39/468. Dersom det er uklart tek me gjerne samsvaring omkring parkemulhova."

01.07.09. Kjell Nusbø. "Ingen andre i Sponaorkdalen har fått tildelt slik parkering på fellesareal i Sponaorkdalen".

14.11.13. Magnus Mjor.  
"Tilvist parkering-gjeste-i nærleiken av Dykkar eigedom".

29.12.14. Magnus Mjor.  
"Det ligg ikkje føre særskilt medtak på gjesteparkering. Det som i dag vert mytta til gjesteparkering ligg på fellesareal og kan ikkje disponerast av ein eigedom".

**Valgjerd G Teigen**  
Sponavikdalen 36

5411 Stord

Vår dato: 30.10.2017  
Vår ref: 2017/1235 - 22736/2017 / 232  
Dykkar ref:

**Vedtak i samband med klage på utskriven eigedomsskatt i Stord kommune.**

**Vedtak gjelder for eigedom 39/468 saks nr 17/1235**

Sakkunnig ankenemnd har handsama ovannemnde klage og fatta vedtak på bakgrunn av synfaring og merknadar i klagen.

Det er tatt utgangspunkt i dei føringar som lov om eigedomsskatt gir.

«§ 8A-2. Verdet

*(1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.»*

Skattegrunnlaget kjem fram som eit resultat av ei samla vurdering av disse kriteria. Sakkyndig ankenemnd har samrøystes gjort slikt vedtak:

Etter synfaring av eigedomen og vurdering av klagen, har sakkyndig ankenemnd kome til å imøtekomme klagen heilt eller delvis. Ny Skattetakst vert kr 1 155 000.

For mykje lite innbetalt eigedomsskatt vil bli korrigert på faktura for 4. termin.

Sakkunnig ankenemnd sitt vedtak er endelig og kan berre overprøvast av domstolen.

Med helsing

Asbjørn Lunde  
økonomikonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

# STORD KOMMUNE

Teigen Valgjerd G  
Sponavikdalen 36  
5411 Stord

13.02.2017

## EIGEDOMSSKATT - SKATTESEDDEL FOR 2017

Kommunestyret i Stord kommune har i møte den 24.11.2016, sak 77/16 vedteke eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, jfr. Eigedomsskattelova §§2 og 3 bokstav a). Taksten dannar grunnlag for eigedomsskatt og gjeld frå og med 1. januar 2017.

I samsvar med lovgrunnlaget for eigedomsskatt, er eigedomsskattetaksten satt lik antatt omsetnadsverdi for eigedomen. Kommunestyret har vedteke at eigedomsskattetaksten skal reduserast med kr 400 000 pr. godkjent bueting.

Kommunestyret har vidare vedteke ein eigedomsskatt for bustad, fritid og landbruk på 2 ‰, og for ubygde tomter, næring og verk og bruk på 4 ‰ av eigedomsskattegrunnlaget.

Nedanfor følgjer informasjon om korleis eigedomsskatten er regna ut for din eigedom:

Gnr: 39	Bnr: 468	Fnr: 0	Snr: 0	Eigedomen si adresse:	SPONAVIKDALEN 36
Elgarrepresentant:	Teigen Valgjerd G				
Rekningsmottakar:	Teigen Valgjerd G				
Fritak:	Ingen				
Eigedomstype:	Bolig				
Tal Bustadeiningar:	1				
Takst (kr):	1 845 000				
Botnfrådrag (kr):	400 000				
Skattegrunnlag (kr):	1 445 000				
Skattesats (‰):	2 ‰				
Eigedomsskatt (kr):	2 890				

Rekning for eigedomsskatt for 2017 vil bli sendt ut i 4 terminar. Heimelshaver kan klaga på taksten som dannar grunnlaget for skatt.

Ein skriftleg klage må sendast inn snarast, men seinast innan 6 veker fra og med 1. mars. Klagen må innehalda gnr, bnr, (fnr, snr) og ei nærmare grunngjeving for kvifor den fastsette taksten er feil. Bruk gjerne klageskjema som ligg på: [www.stord.kommune.no/eskatt](http://www.stord.kommune.no/eskatt)

Dersom eigedomsskattekontoret/sakkunnig nemnd finn grunnlag for å redusera taksten, skjer slutthandsaminga her. Andre klager vert overført til klagehandsaming i sakkunnig ankenemnd. Me gjer merksam på at utfallet av klagen kan enda i klagar sin favør/disfavør/uendra.

Eigedommar til stiftingar eller institusjonar som tar sikte på å gagne kommunen, fylket eller staten, og bygningar som har historisk verdi, vil kunne søkja om fritak heilt eller delvis etter §§ 7a/7b i eigedomsskattelova. Søkjadsskjema er å finna på kommunen si heimeside: [www.stord.kommune.no/eskatt](http://www.stord.kommune.no/eskatt) og i kommunen sitt kundetorg.

Postadresse:  
Stord kommune, Eigedomsskattekontoret  
Boks 304  
5402 Stord

Besøksadresse:  
Stord kommune, Eigedomsskattekontoret  
Rådhuset, Borggata 2  
5417 Stord

Har du spørsmål knytt til eigedomsskattegrunnlaget kan du kontakte oss via:  
E-post: [eskatt@stord.kommune.no](mailto:eskatt@stord.kommune.no) Telefon: 53 49 68 57

3

STORD KOMMUNE - RBO	
Arkivsak:	J.nr.:
19 NOV. 2001	
Arkivkode:	Saksart.
Saksh.: HOS	Kopi til: <del>P.H.A.</del> <del>F.H.S.</del> <del>R.H.V.</del>

Stord Kommune

Dato: 14.11.01  
 Jnr.: 012410/01 Arkivnr.: L42  
 Vår ref: ABJ - 01/01715  
 Dykkar ref: HOS

# Notat

Til: RBO  
 V/ sakshandsamar Harald Oddvar Sæbø  
 Frå: Kommunalteknikk  
 Kopi:

*Sendes med dette - litt av sakshandsaminga & omtala byggjesak.*

VEDKJEM FORVALTNINGSTYRET SITT VEDTAK I SAK 0058/01, DATO 08.11.01

Me viser til brev av 12.11.01, der eining for regulering, byggesak og oppmåling ber kommunalteknisk eining greia ut dei problemstillingane som ligg nedfelt i vedtaket.

## Veg.

Det vanlege i Stord kommune er at det i bustadfelt frå 60 – 70 talet, berre er ein del av avsett veggrunn som er nytta til veg.

Dette er og tilfelle i Sandbrekka / Sponavikdalen området.

Vegbanen er smal, og det er ein krapp kurve og stigning på vegen der eigedomen 39/725 ligg.

Det er ikkje registrert at det er kapasitet problem med trafikken på vegen.

Det er ikkje registrert store vanskar med framkomleghet på vegen (trafikk kork o a.), grunna parkerte bilar til hinder for trafikken.

Området har alternativ tilkomst. ?

Vegen er til tider vanskeleg å brøyta med "tungt utstyr", grunna parkerte bilar på kjørebane.

## Parkering.

Det er registrert usemje mellom oppsiterar i området, om kven som har rett til å parkere på veggrunn.

Vegtrafikklovgjevinga regulerer parkering på offentleg veg. Det kan vera med oppsette parkeringsregulerande trafikkskilt, trafikreglane og ikkje minst Vegtrafikklov kap.II, §3. Grunnregler for trafikk.

Sitat: "Enhver skal ferdes hensynsfullt og vere aktpågivende og varsom så det ikke kan oppstå fare eller voldes skade og slik at annen trafikk ikke unødig blir hindret eller forstyrret.

Vegfarer skal også vise hensyn mot dem som bor eller oppholder seg ved vegen." Sitat slutt.

Det vislege med dette er at alle som køyrer bil skal kunna og ikkje minst etterleva lovverket.

## Trafikksikring.

Vegen i området er innafor vedteken 30 km/t sone. Av fartsdempande tiltak kan det nyttast humpar, dumpar, redusert køyrebane breidde vekslande frå side til side, eller "smal køyrebane med kurver". Dei fleste av desse tiltaka er naturleg anlagt på denne vegstrekka.

Større køyrebane breidde vil truleg utløysa krav om fartsdempande tiltak.

### Kostnadsvurdering.

Det er ikkje kapasitet innan rimeleg tid, korkje på personell sida eller i budsjettet til å

- planleggja tiltak
- kostnadsrekna prosjektet
- gjennomføra tiltak

### Generell vurdering.

"Fortetting" i eldre bustadområder, kan få konsekvensar både for vegnettet, vatn / avløp, leikeareal osv. Så lenge det ikkje er vedtekte reguleringsplaner som styrer utviklinga, kan mange liknande saker som dette dukka opp.

Der tilhøva ligg til rette, vil sjølvsagt dei fleste velja ei rimeleg tomt i eigen hage, der "felles skapet" betaler for kostnadene med veg, vatn, avløp, gatelys osv. i staden for å kjøpa tomt i nye bustadfelt der alle kostnader vert belasta kjøpar.

### Forslag til "avlastnings parkering".

Det er i vedtaket frå Forvaltningsstyret sagt at – "partane må kunna medverka til gode løysingar".

Kommunalteknisk eining, som vegmyndighet, vil føreslå følgjande:

Tomta til Signy Aarre Aleksandersen og Tommy Aleksandersen, eigedom 39/725, vil truleg ved uttak få overskot av masser.

Ein liten del av desse massene bør oppsiterane få nytta til å fylla ut i vegkanten på "blindvegen" som fører mot avkjørsla til 39/455. Sjå vedlagt kartkopi.

Arbeidet bør utførast på felles dugnad av oppsiterane, og desse plassane bør nyttast som avlastnings parkering ved besøk.


Alle i nærområdet må vera einig i tiltaket.


Ingen bør ha meir rett enn andre til å parkere der.

### Konklusjon.

Ut frå ovanneemde vurderingar toler vegsystemet at det vert oppført ein einebustad til. Dette på vilkår av at krav til frisikt, avstand frå veg og krav til parkering på eigen grunn er ivareteke.

Med helsing

  
Roy Sverre Amundsen  
Leiar kommunalteknikk

  
Asgeir Bjelland  
sakshandsamar

Vedlegg: Kartkopi

*Regulert da me overtok tomte i -68.  
Regulert ved rettsak i 1990 for å auke futeavgifta.  
Uregulert ved denne byggesaka.  
Uregulert + regulert i søknaden om skogsveg.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2015/177-19  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	41/18	10.09.2018

## Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si sakliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk → møteinnkallingar og møteprotokollar».

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har gjort vedtak og suppleringsvedtak, sist i sak PS 08/17 av 23.2.17., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Anna Herborg Førland
Forvaltningsstyret	Peggy Husevik Bærøy
Komité for oppvekst og utdanning	Anna Herborg Førland
Komité for næring, miljø og kultur	Tarjei Haga
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	Odd Ståle Larsen

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2018:
Kommunestyret	24/5   21/6
Formannskapet	6/6   (5/9)
Forvaltningsstyret	7/6   21/6   (6/9)
Komité for oppvekst og utdanning	29/5   19/6
Komité for næring, miljø og kultur	30/5
Komité for rehabilitering, helse og omsorg	31/5

(Datoar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre ved innkalling til kontrollutvalsmøtet.)

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2015/181-34  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	42/18	10.09.2018

### Bestilling

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet er no i ein fase der:

- Det nærmar seg ferdigstilling av pågåande forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar mv. Det er då ikkje andre prosjekt av større omfang som pågår.
- Kontrollutvalet har fått avklaring frå kommunestyret om kva midlar ein har til rådvelde for resten av året, då forvaltningsrevisjon for fjoråret som er belasta i år, ikkje skal gå ut over årsbudsjettet til utvalet.
- Kontrollutvalet har «plan for forvaltningsrevisjon» og «plan for selskapskontroll» som arbeidsreiskap. Skal ein td. bestilla nytt prosjekt ut frå ein av desse og/eller evaluera planane.
- Tidvis kjem det henvendingar til utvalet, og ein må vurdere evt. vidare oppfølging ift. desse.

Med dette som bakteppe må kontrollutvalet vurdere om utvalet skal føreta ei ny bestilling.

#### Drøfting:

##### Alternativ 1:

Det kan bestillast oppstart av ny forvaltningsrevisjon ut frå gjeldande plan, eller ut frå anna aktualitet som gjer at ein må tenkja annleis.

Plan for forvaltningsrevisjon har 7 prioriterte prosjekt, derav prosjekt 1 og 4 er gjennomført:

- 1 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar
- 2 Forvaltningsrevisjon av saksførebuing av politiske saker
- 3 Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll
- 4 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging
- 5 Forvaltningsrevisjon av førebyggjande helsearbeid og samhandling mellom tenester for barn og unge (mellom anna samhandling mellom skule og PPT)
- 6 Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid og rusomsorg
- 7 Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Meir opplysningar om tema for ein evt. forvaltningsrevisjon er å finna i vedlagt plan, samt i overordna analyse som låg til grunn for planen. Drøfting i møtet vil og vera nyttig.

Dersom det vert bestilt ny forvaltningsrevisjon, kan det tenkjast at oppstart kjem i år og ferdigstilling til neste år, ut frå budsjettsituasjonen og kor omfattande revisjon som skal gjennomførast. Om bestilling vert utsett til neste møte, er det lite tid igjen av året til å få gjort noko i 2018. Såleis bør det gjevast fullmakt til kontrollutvalsleiaren om å godkjenna utkast til prosjektplan frå revisjonen, i samråd med sekretariatet. Utvalsmedlemmane kan likevel motta prosjektplanen til orientering og spela inn moment som dei har, før utvalsleiaren fattar vedtak på grunnlag av delegasjon.

#### Alternativ 2:

Det kan bestillast oppstart av selskapskontroll ut frå gjeldande plan, eller ut frå anna aktualitet.

Plan for selskapskontroll har slike prioriterte prosjekt, som ikkje er gjennomført:

- 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS (Eigarstyring, måloppnåing, drift av selskapet)
- 2 Arbeidsmarknadsbedriftene – Podlen Verkstad AS og/eller Opero AS (Eigarstyring, måloppnåing, drift av selskapa)
- 3 Eigarskapsstyring Organisering (System og rutinar for oppfølging av eigarskapa)

Når selskap har fleire eigarar er det vanleg, rimelegare og rasjonelt dersom fleire kommunar samarbeidar om prosjekt. Slik avklaringsrunde går det og ein del tid med, som må takast omsyn til.

Podlen verkstad AS er heileigd av Stord kommune. Det gjev naudsynt innsyn ifm. ein evt. selskapskontroll.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er eigd av kommunane i regionen, derav Stord kommune sin andel på 12,5%. Då det berre er kommunale eigarar, så gjev det naudsynt innsyn. Her bør i tilfelle primært alle eigarkommunane delta. Det må evt. sjekkast ut om dei andre kommunane prioriterer dette prosjektet.

Opero AS har og private eigarar. Det inneber at kommunen som utgangspunkt ikkje har meir innsynsrett enn dei andre aksjonærene

Vedr. prosjekt om eigarskapsstyring vert det vist til referatsak til dette møtet, gjeldande revidert eigarskapsmelding 2018 – 2019. Då denne saka var oppe i kommunestyret i mai 2018, må det vurderast om evt. prosjekt om eigarskapsstyring bør venta eit år.

Framdrift av evt. selskapskontroll kan følgja same mønster som er teke med under alternativ 1 om forvaltningsrevisjonar.

#### Alternativ 3

Då planane vart vedtekne av kommunestyret var det lagt opp til at kontrollutvalet sjølv kunne ha ei evaluering undervegs i perioden. Ei evt. evaluering kan td. førebuast ved at revisor gjer noko grunnlagsarbeid. Det kan og gjerast ved at utvalet drøftar dei to planane i eit møte, og evt. inviterer ordførar og rådmann inn i møtet for å vera med på å drøfta kva som synest vera viktigaste no på slutten av perioden. Planverket gjeld til nye planar er på plass. Det skal etter forskrift om kontrollutval skje innan utgangen av 2020. Følgjeleg gjeld planane eit stykke inn i ny valperiode.

Alternativ 4:

Bestilling med utgangspunkt i henvendingar eller anna.

Det er eiga sak om henvending i dette møtet, medan det og vil bli orientert litt i møtet om anna henvending.

**Konklusjon**

Det vert lagt opp til open drøfting i møtet om kva som evt. bør bestillast. Såleis ikkje forslag til vedtak.

**Forslag til vedtak**

Det er ikkje forslag til vedtak i saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020
- 2 Plan for selskapskontroll 2016 - 2020

## Stord kommune Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020



Oktober 2016





# Innhold

---

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
<b>2</b>	<b>Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020</b>	<b>7</b>
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
<b>3</b>	<b>Gjennomføring av forvaltningsrevisjon</b>	<b>9</b>
3.1	Framgangsmåte	9
3.2	Gjennomføring og rapportering	9



# 1 Innleiing

## 1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.<sup>1</sup> Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

## 1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.<sup>2</sup>

<sup>1</sup> Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

<sup>2</sup> Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

### 1.3 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.<sup>3</sup>

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking til administrative leiarar i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



<sup>3</sup> For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger\\_brosjyrer.html?id=2129](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129))

## 2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang for kvart prosjekt vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### 2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	
1	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar
2	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing av politiske saker
3	Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll
4	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging
5	Forvaltningsrevisjon av førebyggjande helsearbeid og samhandling mellom tenester for barn og unge (mellom anna samhandling mellom skule og PPT)
6	Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid og rusomsorg
7	Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming

### 2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	
1	Forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgstenester
2	Forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap
3	Forvaltningsrevisjon av offentlegheit, journalføring og arkivering
4	Forvaltningsrevisjon av tilpassing til samhandlingsreformen
5	Forvaltningsrevisjon av tenester til personar med psykisk utviklingshemming



6	Forvaltningsrevisjon av sjølvkost
7	Forvaltningsrevisjon av læringsmiljø
8	Forvaltningsrevisjon av vaksenopplæring og opplæring av minoritetsspråklege
9	Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av kommunale bygg
10	Forvaltningsrevisjon av fordeling av idrettsmidlar og tilgang til hall
11	Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

# 3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

## 3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium<sup>4</sup> ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

## 3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp.

---

<sup>4</sup> Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS

## Stord kommune Plan for selskapskontroll 2016 – 2020



Oktober 2016





# Innhold

---

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Krav til selskapskontroll	5
1.2	Plan for selskapskontroll	5
1.3	Former for selskapskontroll	6
1.4	Risiko- og vesentleganalyse	6
<b>2</b>	<b>Oversikt over selskap</b>	<b>8</b>
2.1	Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
2.2	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	8
<b>3</b>	<b>Selskapskontroll 2016-2020</b>	<b>10</b>
<b>4</b>	<b>Gjennomføring av selskapskontroll</b>	<b>11</b>
4.1	Framgangsmåte	11
4.2	Gjennomføring og rapportering	11



# 1 Innleiing

## 1.1 Krav til selskapskontroll

Ifølgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

## 1.2 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det går fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret også omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under kommunelova § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

### 1.3 Former for selskapskontroll

Det er to former for selskapskontroll: obligatorisk eigarskapskontroll og valfri forvaltningsrevisjon.

#### 1.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll omfattar berre kommunen si eigarskapsforvaltning, og krev ikkje innsyn i enkeltvise selskap. Slike selskapskontrollar kan anten omfatte kommunen si oppfølging av heile eigarskapsporteføljen eller kommunen si eigarskapsoppfølging av enkeltvise selskap. Eigarkontrollen kan for eksempel omfatte:

- kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
- kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
- kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
- kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader



#### 1.3.2 Valfri forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll kan også gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon av utvalde selskap. Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom vurdering av risiko og vesentlegheit tilseier det. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:

- kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
- kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
- kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
- kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

### 1.4 Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Informasjonen som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiding, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Informasjonen som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for kontrollutvalet si utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.



## 2 Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap kommunen har eigarskap i. Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kjem inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller statlege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i samsvar med eigarane sine intensjonar, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv.

### 2.1 Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Eigardel
Podlen Verkstad AS	100 %
Stord kommunale egedomselskap AS	100 %
Sunnhordland lufthavn AS	79 %
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	55,7 %
Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) IKS	29,4 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	12,5 %
Krisesenter Vest IKS	10,4 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	4,9 %
Business Region Bergen AS	3,6 %

### 2.2 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Eigardel
Litlabø-Sagvåg Samfunnshus SA	65,4 %
Opero AS	28 %
Atheno AS	13,1 %
Huglabutikken AS	10,8 %
Sunnhordlandsambandet AS	7,4 %
Fastlandssamband Halsnøy AS	5,3 %
E134 Haukelivegen AS	2,9 %
Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)	2,1 %
Innkjøp Markedsføring og Salgsskjeden AS	1,2 %

Biblioteksentralen SA	0,3 %
L/L Det Norske Teatret AS	0,2 %
Dag og tid AS	0,009 %
Orkla ASA	0,00025 %
Filmparken AS	0,000055 %

# 3 Selskapskontroll 2016-2020

Under følger prioriterte selskapskontrollar. Under kvar selskapskontroll er det foreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestillinga av selskapskontroll.

## 3.1 Prioriterte selskapskontrollar

Prosjekt	Tema
<b>1</b> Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Eigarstyring Måloppnåing Drift i selskapet
<b>2</b> Arbeidsmarknadsbedriftene <ul style="list-style-type: none"><li>• Podlen Verkstad AS</li><li>• Opero AS</li></ul>	Eigarstyring Måloppnåing Drift i selskapa
<b>3</b> Eigarskapsstyring	Organisering System og rutinar for oppfølging av eigarskapa

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for selskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

# 4 Gjennomføring av selskapskontroll

## 4.1 Framgangsmåte

Uavhengig av kva form for selskapskontroll som gjennomførast, vil revisjonen følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), så langt dette er praktisk mulig, ettersom det ikkje er utarbeidd ein eigen standard for selskapskontroll.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike selskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka selskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein selskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

## 4.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein selskapskontroll med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til kommunestyret saman med rapporten.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
Arkivnr: 2015/179-58  
Sakshandsamar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	43/18	10.09.2018

## Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune

### Bakgrunn for saka:

"Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" vart endra med verknad frå 1.7.2004. Etter forskriftas § 18 skal kontrollutvalet i Stord kommune utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Omtala § i forskrifta lyder slik:

#### **"§ 18. Budsjettbehandlingen**

*Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

*Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen.*

#### **Departementets merknader til § 18:**

*Bestemmelsen fastsetter fremgangsmåten ved behandling av budsjett for kontrollutvalgets og revisjonens samlede virksomhet.*

*Når kommunen/fylkeskommunen har egne ansatte revisorer, skal revisjonen ved ansvarlig revisor avgi innstilling til kontrollutvalget om budsjett for sin virksomhet i budsjettåret.*

*I interkommunale revisjonsselskaper organisert som interkommunale selskaper, er det representantskapet som vedtar budsjettet, jf. lov om interkommunale selskaper § 18, noe som forutsetter at deltakerkommunen/fylkeskommunen budsjetter må være vedtatt før slikt budsjett kan vedtas."*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 97505152 - E-postadresse: [roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



Vidare går det fram av «Veiledning for regnskapsrapporteringen i KOSTRA» m.a. dette når det gjeld 110 Kontroll og revisjon:

*«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.  
Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»*

#### Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det egentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtale som vart inngått med KPMG fom. 1.7.2017. Det er også lagt inn indeksregulering av gjeldane prisar i tråd med avtalen. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn at det er 5 møter i året, slik det var i 2016-17 og slik det er planlagt for 2018. Det er også lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet, kostnader til at medlemmer i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), abonnement på "Kommunerevisoren" og ein diverse post.

Det er som vanleg også forslag om pengar til ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og utgreiing, som måtte koma undervegs i året, samt evt. tilleggsarbeid med evaluering av planar. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

#### ***”§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon***

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

#### ***”§ 13. Selskapskontroll***

*«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»*

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåver til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggst inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. I ein kommune av Stord kommune sin storleik vil prosjektarbeid normalt krevja ei ramme på om lag 400 timar / år.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer bygger på gjeldande avtale fom. 01.01.2017. Avtalen inkl. konsumprisreg. i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prispfaktor.

Av taldelen i budsjettforslaget går det fram at rekneskapsresultatet for 2017 er lågare enn normalt og totalbudsjettet for 2018 er høgare enn normalt. Dette kan forklarast med at kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 21.06.2018:

*«Stord kommunestyre godkjenner søknad frå kontrollutvalet på kr. 174 000 for dekking av regning frå Deloitte for forvaltningsrevisjon som skulle vært belastet i 2017. Finansiering: Redusere overskotet frå 2017 tilsvarande.»*

#### Konklusjon:

På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning for det budsjettforslaget som ligg føre.

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Stord kommune for 2019

Konto	Tekst	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Merknad
10802	Utval / leiargodtgjersle	kr 36 276	kr 37 568	kr 38 259	Utvalsleiar 4% av løn stortingsrepr.
10803	Møtegodtgjersle	kr 13 572	kr 18 145	kr 18 938	Timesats 0,02% av stortingsrepr.
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 1 756	kr 10 801	kr 11 000	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste		kr -	kr 1 320	
	Delsum	kr 51 604	<b>kr 66 514</b>	<b>kr 69 516</b>	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)	kr 7 276	kr 9 298	kr 9 802	
	Delsum	kr 58 880	<b>kr 75 812</b>	<b>kr 79 318</b>	
11400	Annonse	kr -	kr 5 400	kr 5 400	
		kr -	kr -	kr -	
11008	Faglitteratur og abbonement	kr 2 000	kr 2 160	kr 2 400	
11151	Servering på møta	kr 2 398	kr -	kr 5 000	
		kr -	kr -	kr -	
11500	Kurs og etterutdanning	kr 6 400	kr 16 201	kr 25 000	
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr -	
11600	Skyss og kostgodtgjersle	kr -	kr -	kr -	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	kr 7 085	kr 21 601	kr 24 000	
11951	Kontingentar	kr 4 300	kr 4 212	kr 8 000	FKT årsmøtevedtak 2018
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 190 734	kr 185 768	kr 219 600	Avtale fom. 1/1-17 konsumprisjust.
		kr -	kr -	kr -	
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr 353 155	kr 632 120	kr 636 539	Avtale fom. 1/7-17 konsumprisjust.
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)		kr 174 000		Ekstra bevilgning for 2018
13750	Ekstra tiltaksmidler	kr -	kr -	kr -	
	Delsum	kr 566 071	<b>kr 1 041 462</b>	<b>kr 925 939</b>	
14290	Meirverdiavgift	kr 136 496	kr 260 366	kr 230 985	Inkl. mva. på ekstra bevilgning -18
17290	Moms-kompensasjon	kr -136 496	kr -260 366	kr -230 985	
			kr -	kr -	
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	kr -1 100	kr -	kr -	
	Total budsjetttramme	kr 623 851	<b>kr 1 117 274</b>	<b>kr 1 005 258</b>	



**PS 44/18 Referatsaker**

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 28.05.2018  
Vår ref: 2016/2046 - 12612/2018 / 033  
Dykkar ref:

## Årsmelding 2017 for Kontrollutvalet i Stord kommune

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.05.2018

### Vedtak

[Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2017.](#)

### Handsaming

Samrøystes vedteke

Med helsing

Marit Annie Åkra  
møtesekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 28.05.2018  
Vår ref: 2017/1527 - 12616/2018 / 217  
Dykkar ref:

## Forvaltningsrevisjonsrapport - Prosjektstyring og oppfølging av investeringar

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.05.2018

### Vedtak

1. Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.
2. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### Handsaming

Samrøystes vedtek

\* \* \*

Saksprotokoll frå kontrollutvalet vart ettersendt

Line Johansen frå Deloitte gjorde greie for saka.

Med helsing

Marit Annie Åkra  
møtesekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

## Hogne Haktorson

---

**Fra:** Marit Annie Åkra <Marit.Annie.Akra@stord.kommune.no>  
**Sendt:** 8. juni 2018 14:37  
**Til:** Kontrollutvalet - Postmottak  
**Emne:** VS: Vedr. tisyndrapport frå fylkesmannen  
**Vedlegg:** Følgelbrev svar.docx; Handlingsplan oppfølging av tilsyn februar 2018.docx; KARTLEGGINGSRUTINE FOR TILDELINGSKONTORET OG EINING FOR PSYKISK HELSE OG RUS.docx; Eining\_for\_psykisk\_helse\_og\_rus\_-\_kartleggingsskjema.docx

**Fra:** Trygve Dahl  
**Sendt:** 5. juni 2018 08:22  
**Til:** DL\_Fellestenester <DL\_Fellestenester@stord.kommune.no>  
**Emne:** VS: Vedr. tisyndrapport frå fylkesmannen

Hei!  
Vedlagt ligg svaret frå Stord kommune til Fylkesmannen etter tilsynet med helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV. Fint om de vidareformidlar til kontrollutvalet.

mvh Trygve Dahl  
Rådgjevar helse og omsorg

---

**Fra:** Hogne Haktorson [mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no]  
**Sendt:** 20. april 2018 18:45  
**Til:** Magnus Mjør  
**Kopi:** Fredrik Litleskare; [fredrik.litleskare@sklbb.no](mailto:fredrik.litleskare@sklbb.no); Fredrik Litleskare  
**Emne:** Vedr. tisyndrapport frå fylkesmannen

Stord kommune v/ rådmannen

Dette gjeld referatsak frå kontrollutvalet i Stord kommune sitt møte 18.04.18., der dette vart vedteke:

**RS 10/18 Fylkesmannen – tilsyn med Stord kommune – helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV.**

*Kontrollutvalet ber om å motta svar frå Stord kommune til Fylkesmannen i Hordaland, vedr. rapport etter tilsyn 13.-15. februar 2018, når svaret ligg føre.*

Fint om sekretariatet mottek kopi av svaret frå Stord kommune, når det er klart.

Med helsing

**Hogne Haktorson**  
Kontrollsjef  
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 53 | Mob: 911 05 982  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

Fylkesmannen i Hordaland, Helse- og sosialavdelinga  
Postboks 7310

5020 Bergen

Vår dato: 29.05.2018  
Vår ref: 2017/3660 - 12764/2018 / 024  
Dykkar ref:

### **Svarbrev etter tilsyn med Stord kommune 13. - 15. februar, dykkar ref 2017/14703 733.1**

Viser til dykkar rapport frå tilsyn med Stord kommune – helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusproblem og psykisk lidning.

Tilsynet og lokal gjennomgang i etterkant har medført at me har gått gjennom system og rutinar. Me ønskje likevel å understreka at brukarane etter vårt syn har fått naudsynt helsehjelp

Vedlagt ligg handlingsplan for å rette opp avviket. I tillegg ligg vedlagt nye kartleggingsrutinar og nytt kartleggings skjema.

Med helsing

Trygve Dahl  
Rådgjevar helse og omsorg  
kontaktperson, Stord kommune

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg:  
Handlingsplan  
Kartleggingsrutine  
kartleggings skjema

## **Handlingsplan oppfølging av tilsyn 13-15 februar**

### **Tiltak for å rette opp avviket**

1. Utarbeide nytt kartleggings skjema for målgruppa – utført
2. Utarbeide rutinar mellom tildelingskontoret og eining for psykisk helse og rus i høve kartlegging av nye pasientar – utført
3. Gjennomføre kartlegginga for nye pasientar med rus og psykisk uhelse – iverksett
4. Gjennomføre interntilsyn første halvdel av 2019 i tingarkontoret og eininga for psykisk helse og rus for å evaluere/ måla om tiltaka i handlingsplanen er eigna og fungerer

I tillegg ynskjer Stord kommune å iverksette desse tiltaka:

1. Utarbeide nye og felles plankategoriar, planområde og tiltak i fagsystemet Profil for eining for psykisk helse og rus – innan 30 juni 2018
2. Utarbeida felles skjema tiltaksplan i fagsystemet profil for alle pasientar i einings for psykisk helse og rus – innan 30 juni 2018
3. Utarbeida felles skjema for kriseplan i fagsystemet Profil – innan 30 juni 2018
4. Ta i bruk nytt skjema tiltaksplan – 1. juli 2018
5. Ta i bruk nytt skjema kriseplan – 1. juli 2018
6. Kartlegging av alle pasientar i eining for psykisk helse og rus jf. nytt kartleggings skjema – innan 1 desember 2018
7. Opplæring –kurs - for alle tilsette i eining for psykisk helse og rus i fagsystemet Profil innan 7 september 2018

### **Korleis fylgje med på at endringar fungerer i praksis over tid**

1. Månadleg rapportering frå avdelingsleiar til einingsleiar, og frå einingsleiar til kommunalsjef
2. Utbetre rapporteringsskjema månadsrapport : antal brukarar, antal brukarar med IP, tiltaksplan, kriseplan, kartlagd og evaluert jf. nye rutinar- iverksett 1 juli 2018

Stord 28.5 2018

Diana Bergeland

Einingsleiar

## **KARTLEGGINGSRUTINE FOR TILDELINGSKONTORET OG EINING FOR PSYKISK HELSE OG RUS.**

1. Kartlegging nye brukarar – ansvar Tildelingskontoret i samarbeid med brukar
2. Eventuell endring og ferdig utgreidd kartlegging innan 3 månadar –ansvar Eining for psykisk helse og rus i samarbeid med brukar
3. IPLOS og kartlegging min. 2 gongar per år, og evt. ved endringar –ansvar Eining for psykisk helse og rus i samarbeid med brukar
4. Kartleggingsskjema ligg i Profil og Compilo. Skjema skal journalførast i Profil
5. Vurdering endring i vedtak sjå egne rutinar

## Eining for psykisk helse og rus

**Kartleggings skjema - som vert nytta ved søknad om helse- og omsorgstenester.**

Informasjon om deg
<b>Namn</b>
<b>Fødselsnummer</b>
<b>Adresse</b>
<b>Sivilstand</b>
<b>Telefon</b>
<b>Fastlege</b>

Dine pårørande
<b>Næraste pårørande</b>
<b>Relasjon</b>
<b>Telefon</b>
<b>Samtykke til informasjon til/frå pårørande</b>

<b>Kva tenester ynskjer du?</b>
<b>Kva er det viktig for deg?</b>
<b>Kva kan du gjere for å få det betre?</b>
<b>Kva kan me gjere saman for at du skal få det betre?</b>

## Dine livsområde

**Butilhøve**

**Arbeid/fritid**

**Ynskjer/draumar i  
høve  
arbeid/utdanning/fritid**

**Økonomi**

- **Inntekt**

- **Gjeld**

**Relasjonar**

- **familie**

- **vener**

- **andre**

**Barn**




## Helsa di

**Psykiske  
utfordringar**

**Rusutfordringar**

**Fysiske utfordringar**

**Medikamentbruk**

**Vald (fysisk/psykisk)**

- Utset andre

- Er utsatt

**Har du andre  
helsetenester?**

**Anna relevant informasjon om deg**

## IPLOSKARTLEGGING

Funksjonsvariablar	1	2	3	4	5	Skildring (vanar, ynskjer, utfordringar m.m)
<b>Vanleg husarbeid</b> <i>(om personen utfører vanleg husarbeid som å gjere reint, sengeskiift, klesvask, bruke hushaldsapp, lagre matvarer og kaste avfall)</i>						
<b>Skaffe seg varer og teneste</b> <i>(Om personen skaffar seg naudsynte varer som mat/drikke, klær/sko, hushaldsartiklar, tekniske teneste og naudsynte hushaldningsteneste)</i>						
<b>Personleg hygiene</b> <i>(Om personen vaskar, tørker og steller heile kroppen, inkl tannstell Brukar passande metodar)</i>						
<b>Av og påkledning</b> <i>(om personen tar på og av seg klede og sko i rekkefølge og i samsvar med årstid/vær/temperatur og sosiale høve)</i>						
<b>Toalett</b> <i>(Om personen klarar å utføre toalettbesøk/-funksjonar)</i>						
<b>Lage mat</b> <i>(Om personen klarar å planleggje, organisere og lage til enkle og samansette måltid, skjære opp maten, smørje brødsquirer, laga til anna tørrmat, varme opp mat, lage kaffi/te)</i>						
<b>Ete</b> <i>(Om personen får i seg servert mat og klarar å drikke)</i>						
<b>Forflytte seg innandørs</b> <i>(Om personen klarar å få, røre seg eller forflytte seg på eitt plan innandørs, på flattgolv, dørstokkar, inn og ut av senga, opp og ned av stolar) ikkje trapp</i>						
<b>Forflytte seg utandørs</b> <i>(Om personen klarar å få røre seg eller forflytte seg utanfor eigen bustad, opp og ned trapper, fortauskantar, på ujamne underlag m.m.)</i>						
<b>Ta hand om eiga helse</b> <i>(Om personen klarar å handtere eigen sjukdom, skade el. funksjonsnedsetjing, til å ta kontakt med behandl.apparatet når symptom el skade oppstår, følgje behandl.opplegg, handtere eigen medisin)</i>						

<b>Minne</b> <i>(Om personen klarar å hugse ting som har skjedd nyleg, finne fram i kjende omgjevnadar, vere orientert om tid og stad, kjenne att kjende personar, hugse avtalar, viktige hendingar siste veka.)</i>							
<b>Kommunikasjon</b> <i>(Om personen klarar å forstå og uttrykkje seg verbalt/ikkje verbalt ev. ved bruk av kommunikasjons utstyr, tolk og teknikkar)</i>							
<b>Avgjerder i dagleglivet</b> <i>(Om personen klarar å ta avgjerder og organisere daglege gjeremål, velje mellom alternativ, disponere tida gjeremåla tek, og integrere uventa hendingar)</i>							
<b>Sosial deltaking</b> <i>(Om personen klarar oppretthalde eit sosialt nettverk, har eller tar kontakt med familie, venner, kollegaer, personar i nærmiljøet)</i>							
<b>Styre åtferd</b> <i>(Om personen har kontroll over eigne impulsar og verbal og fysisk aggresjon overfor seg sjølv og andre)</i>							
<b>Økonomi</b> <i>(Har behov for bistand/assistanse til å betale regningar, prioritere mellom utgifter, betale for seg med kontanter og kort)</i>							
<b>Syn</b> <i>(Sanser lys og farge, ser størrelse, form og avstand)</i>							
<b>Hørsele</b> <i>(Sanser lyd og skilje mellom lyders tonehøyde, styrke, egenart og stad. Skilje mellom ulike lyder, steds- og sidebestemmelse av lyd, talegjenkjenning)</i>							

Dato for siste legebesøk: .....

Dato for siste tannlegebesøk: .....

### Funksjonsnivå: (IPLOS)

1. **utgjer ingen problem utfordring:** Søkjar har ingen problem med å utføre/meistre aktiviteten
  2. **Ikkje behov for hjelp/assistanse:** Utfører/greier aktiviteten sjølv (evt med hjelpemiddel), men har utfordringar/ endra standard i høve til tidlegare
  3. **Middels behov for hjelp/assistanse:** Utfører/greier aktiviteten sjølv, men treng personleg hjelp til deler av aktiviteten. Tenesteytar kan gå til og frå
  4. **Store behov for hjelp/assistanse:** Utfører/greier deler sjølv, men med tenesteytaren til Stades heile tida. Tenesteytar til stade for assistanse/tilretteleggjing/rettleiing
  5. **Fullt hjelpe-/assistansebehov:** Har behov for personleg hjelp til alle aktivitetane
- } Ikkje behov for personleg hjelp
- } Behov for personleg hjelp

Arkivref: 2016/942 - 2998/2018  
Saksh.: Iren Dyrseth



Saksnr                      Utval  
                                    Formannskapet  
  
                                    Kommunestyret

Møtedato

## **REVIDERT EIGARSKAPSMELDING 2018-2019**

### **Framlegg til innstilling:**

Eigarskapsmelding for 2018-19 vert vedteke slik den ligg føre.

**Rådmannen, 05.02.2018.**

### **Dokumentliste**

S	05.02.2018		Revidert eigarskapsmelding 2017-2018
X	17.03.2016		Oversikt over aksjar i selskap i 2015
S	21.04.2016		Revidert eigarskapsmelding 2015-2016
X	30.05.2016		Særutskrift Revidert eigarskapsmelding 2015-2016
S	15.05.2017		Revidert eigarskapsmelding 2016-2017
X	23.06.2017		Eigarskapsmelding 2016/17
X	23.06.2017		Særutskrift Revidert eigarskapsmelding 2016-2017
I	10.01.2018	Kluge - Knut Hausken Magnussen	Fastlandssamband Halsnøy AS, sal av Stord kommune sin aksjepost, melding om vedtak
I	26.01.2018	Kluge Advokatfirma AS	Signert avtale

### **Vedlegg**

Framlegg til revidert eigarskapsmelding 2018-19. Endringane er markerte med raud skrift.

### **Bakgrunn for saka**

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale selskap og føretak. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfta kommunen sine motiv for å oppretta eller å delta i selskap. Målet er også å få etablert nokre prinsipp og retningslinjer for kommunen si eigarstyring, samt fastsetje rammer for utøving av eigarskap innanfor ulike selskapsformer.

Kommunen har også eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor eigarinteressene i selskapa. I 2004 vart det teke inn reglar om selskapskontroll i kommunelova som gir kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve til eigarane og selskapsleiinga.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventningar, mål og strategiar for selskapa. Eigarskapsstrategien vert eit utgangspunkt for eigarstyringa og såleis for oppfølging av selskapskontrollen.

Det er frå før lagt opp til ei årleg handsaming av eigarskapsmeldinga, der rullering skjer på våren.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Eigarskapsmeldinga er samansett av to deler. Del I er ein generell del om råd om eigarskap, selskapsstyring og styreansvar. Del II gjev eit oversyn over selskapa der Stord kommune har eigarinteresser.

Det vert skilt mellom selskap som fell innanfor og utanfor § 80 i kommunelova. Selskap som fell inn under kommunelova § 80 er selskap kor kommunen åleine eller saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar har 100 % eigarskap. Det er utforma eigarskapsstrategiar for alle § 80 selskapa.

Det er i utgangspunktet ikkje utforma eigarskapsstrategi for selskapa som fell utanfor kommunelova § 80. Ved revideringa i 2014 vedtok kommunestyret likevel eigarskapsstrategi for Stord kommune sitt eigarskap i Atheno AS og Opero AS ettersom Stord kommune har store aksjeverdiar i desse selskapa.

### **Vurdering**

Det er gjort nokre endringar i eigarskapsmeldinga. Endringane er knytte til Del II, og er omtala nærare nedanfor.

#### Sunnhordland interkommunal miljøverk IKS

Den 28.04.17, handsama representantskapet ei sak som gjaldt miljøfond. Miljøfondet oppstod etter at SIM selde SIM Næring AS og SIM Tankrenovasjon AS, der SIM Næring AS eigde alle aksjane. I vedtaket som vart gjort, bad representantskapet SIM sine eigarkommunar om å endra §§ 4 om føremål og 13 om låneopptak, i selskapet sine vedtekter.

I kommunestyre 19.12.17, vart det fatta følgjande vedtak:

*«Stord kommunestyre godkjenner at selskapsavtalen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS vert endra på desse punkta:*

- § 4 om føremål, å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.
- § 6 om den enkelte deltakar sin eigardel i selskapet og den enkelte sin ansvarsdel i selskapet dersom denne avviker frå eigardelen,
- § 7 om tal medlemmer i representantskapet og
- § 13 (ny 14) om låneopptak, vert endra i tråd med representantskapet sitt framlegg til ny selskapsavtale.»

For at selskapet skal kunne gjera endringar i selskapet sine vedtekter, må likevel alle kommunane vera samde. I samtale med dagleg leiar i SIM IKS Ole Johannes Støle, 20.04.18, vart det opplyst at Fitjar kommune ikkje har teke saka til handsaming, medan Austevoll kommune har røysta mot endringar i vedtektene. Støle orienterte om at saka skal opp til ny handsaming i representantskapet fredag 27.04.18.

#### Sunnhordland Lufthavn AS

Det er føydd til nokre økonomiske opplysningar i høve til selskapet som ikkje har vore nemnd tidlegare. I 2012 vart aksjane i Sunnhordland Lufthavn skreve ned frå kr 11 956 000 til kr 1. Dette fordi aksjekapitalen i selskapet var tapt. Det vart i 2017 utbetalt eit lån på kr 1 000 000 til Sunnhordland lufthavn jf. kommunestyrevedtak sak 96/16 den 22.12.16.

#### Fastlandssambandet Halsnøy AS

Kommunestyret vedtok 19.12.17, PS 78/17, å selja Stord kommune sine totalt ti aksjar i Fastlandsambandet Halsnøy AS til Sørvest Bompengeselskap AS for kr. 15 420,-.

Bakgrunnen for salet var at tal bompengeselskap skal reduserast i kjølvatnet av «bompenger reforma».

#### Atheno AS

I budsjettvedtaket 24.11.16, PS 77/16 pkt. 1 s) fatta kommunestyret følgjande vedtak:

«Stord kommune ber rådmannen gå i dialog med Atheno AS for å selje seg ned i selskapet – eventuelt selje aksjar til andre kommunar. Salssum (fondet) skal nyttast til investering i grøn teknologi/arbeidsplassar etter kriterier som vert definert i eiga sak. Atheno skal administrere fondet.»

Formannskapet vedtok 18.05.17 (PS 21/17) følgjande: «Rådmannen får fullmakt til å selje ca. 300 aksjar til Atheno AS, slik at Stord kommune sit att med ca. 120 aksjar.»

297 aksjar vart seld 17.12.17 og Stord kommune eig etter dette 126 aksjar i Atheno AS.

#### Hordfast AS

Hordfast AS vart stifta 2010. Hordfast AS sin føremålsparagraf er slik:

*«Å arbeide for å realisere ferjefri kyststamvei – E 39 – i Hordaland. Selskapet skal særliq arbeide med tiltak som støtter opp om å få til et vedtak om å bygge ferjefri kyststamvei, samt få dette realisert, herunder bidra til eventuell forskuttering eller delfinansiering av utredninger og planer som er nødvendige for lokale og nasjonale vedtak».*

Stord kommune er saman med andre aktuelle kommunar og fylkeskommunar invitert til medeigarskap i selskapet Hordfast AS. Selskapet legg opp ein aksjeemisjon der ein utvider selskapet sin aksjekapital med offentleg eigarskap. Kommunestyret skal ta stilling til saka 26.04.18 i PS 20/18.

#### Sunnhordlandsambandet AS

Selskapet sitt føremål er «Arbeida for at ein ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i NTP. Når Sunnhordlandsambandet er komen inn i NTP, skal selskapet arbeida for at Sunnhordlandsambandet vert realisert.» Ved handsaminga av fjorårets eigarskapsmelding skreiv rådmannen i saksutgreiinga:

*«Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller å delta i Selskap. Det følgjer av samferdsledelen i kommuneplanen for Stord kommune 2010-2021 at «På lengre sikt er det viktig å arbeida for eit ferjefritt samband mot Bergen (Hordfast)». Ferjefritt samband nordover, som også omfattar kryssing av Langenuen, vert no handsama som ein statleg planprosess. Kommunen sine interesser i saka vert i samband med det ivaretekte og*

*samordna med andre kommunar ved at ordføraren representerer kommunen i eit eige kontaktutval som er etablert i samband med prosjektet. I tillegg til dei andre kommunane er fylkeskommunen og Statens vegvesen med i utvalet.»*

Formannskapet vedtok å løyva kr 35.000,- til Sunnhordlandssambandet AS til finansiering av rapport frå Norconsult den 11.04.18 i PS 41/18. Rapporten skal kasta lys over fordelene ved sørleg kryssing. Løyvinga vert dekkja av formannskapet sin tilleggsøyvingskonto.

#### Generelt om sameige, foreiningar og stiftingar

Reine sameige, etter sameigelova eller eigarseksjonslova, er ikkje med i eigarskapsmeldinga. Sameige etter sameigelova eller eigarseksjonslova er ikkje sjølvstendige juridiske personar og vert såleis ikkje definert som selskap.

Dette inneber at t.d. Sameige Solidhuset, Sameiga Backertunet og Stord Fjellsameige ikkje vert presentert i eigarskapsmeldinga. Dette er likevel ein del av Stord kommune sin eigedomsporfølje og bør difor presenterast saman med oversynet over annan kommunal eigedom.

Vidare er foreiningar, lag og innretningar (FLI), og andre organisatoriske einingar, der Stord kommune ikkje er eigarar, men medlemmer, teke ut av hovudpresentasjonen. Organisasjonane er likevel nemnde avslutningsvis i eigarskapsmeldinga. Medlemsavgifta kan gje rett til å møte og ha stemmerett på t.d. landsmøte. Stord kommune er medlem i ulike FLI og har i t.d. i landsmøte høve til å utøve kinopolitikk og påverke forvaltninga av ei offentleg avgift. Sett på denne bakgrunn kan det være interessant å ha det med i eigarskapsmeldinga.

Stord kommune er medlem i følgjande organisasjonar: Film og kino FLI, Friluftsrådet Vest FLI, HOG – Energi FLI, Landssamanslutninga for nynorsk kommunar FLI, Ungt Entreprenørskap i Hordaland FLI og Transparency International Norge FLI.

Ei stifting er ein juridisk person som disponerer over ein formuesverdi, som ved eit testament eller gåve eller ved ein annan rettsleg disposisjon, er stilt til rådighet for eit bestemt formål. Ingen fysiske personar har eigarråde over ei stifting, det er ein kapital som eig seg sjølv. Ved oppretting av ei stifting oppgjev opprettaren eigedomsretten til formuesverdien, som vert overteke av stiftinga. Det er vedtektene for stiftinga som er avgjerande for korleis stiftinga skal driftast. Stiftingar er sjøveigande institusjonar. Det vil sei at dei ikkje har eigarar. Dette skil stiftingar frå selskap, der selskapsdeltakarane eig ein lut av selskapet si formue, har rett til ein lut av selskapet sitt overskot og styrer selskapet i kraft av sin eigarposisjon.

Stiftingar vert såleis ikkje ein naturleg del av eigarskapsmeldinga. Stiftinga Stord Maritime Museum er t.d. ikkje ein del av eigarskapsmeldinga. Det kan likevel nemnast at Sunnhordland Museum har sagt opp samarbeidet med Stord Maritime Museum. Stiftinga Stord Frivilligsentral vart avvikla i 2016 og at kommunestyret, 28.04.16, vedtok at sentralen skulle vidareførast som ei kommunal avdeling under eininga for kulturtenester. Driftstilskotet til Stord Frivilligsentral for 2016 vart overført til eininga.

Det må også skiljast mellom stiftingar og foreiningar. Foreiningar er også sjøveigande, men foreiningar har medlemmer som kan påverke foreininga. Ei foreining har ikkje grunnlag i ein formuesverdi, men i eit formål som medlemmene har slutta seg saman for å fremje.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at eigarskapsmeldinga for 2018-19 vert vedteken slik den ligg føre.



## Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.05.2018

### **Vedtak**

Eigarskapsmelding for 2018-19 vert vedteke slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen utarbeida «Retningsliner for løn og andre godtgjersler for leiande tilsette i føretak og selskap med kommunal eigardel».

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

---

Rett utskrift:

møtesekretær

**Vedtak**

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen til Stord hamnestell for 2017 med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 130 349.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk vert sett av til disposisjonsfond.

**Handsaming**

Samrøystes vedteke

**Vedtak**

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen slik den ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 15 552 568,73. Mindreforbruket vert sett av til disposisjonsfond, for finansiering av investeringar innanfor skule, pleie og omsorg.
2. Kommunestyret tek årsmeldinga for 2017 til orientering.

**Handsaming**

Samrøystes vedteke

### Vedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjettrevisjon for 1. tertial 2018 med endringar i driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret vedtek å innbetale kr 3,89 mill. i ekstraordinære avdrag til Husbanken (startlånsmidlar).
3. Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket for startlån/formidlingslån i Husbanken med kr 20,0 mill.
4. Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket med 4,8 mill. kr til forprosjekt Nysæter ungdomsskule.
5. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet til Stord kommunalteknikk i samsvar med vedlegg til saka
6. Kommunestyret vedtek å bruka kr 400 000 frå kommunen sin løyvingsskonto til å dekkja inn den delen av meirforbruket som ikkje skuldast underfinansiering av barnehage- og lærarnorm og reduksjon i overføringar til ressurskrevjande tenester."

Grunngjeving: Ikkje finansiert meirforbruk/-kostnad vert no 6,5 mill kr . Dette er beløpet som regjeringa har underfinansiert område innan barnehage, skule og ressurskrevande tenester med. Kommunestyret vil her vise kva som er årsaka til meirforbruket/-kostnaden på 6,5 mill kr og kor ansvaret for dette ligg.

7. Kommunestyret løyver 50 000,- frå tilleggsloyvingskontoen til innmelding i Maritime CleanTech.
8. «Stord kommunestyret godkjenner søknad fra kontrollutvalet på kr 174 000 for dekking av regning fra Deloitte for forvaltningsrevisjon som skulle vært belastet i 1017. Finansiering: Redusere overskotet frå 2017 tilsvarande.

### Handsaming

Pkt 1 - 6 Vedteke med 24 mot 10 røyster (H og Frp)  
Pkt 7 og 8 Samrøystes vedteke

\* \* \*

Jakob Bjelland, Sp på vegne av Ap, Sp, KrF og SV kom med framlegg til nytt punkt 7 slik det ligg føre i vedtaket.

Fredrik Litleskare, H kom med framlegg til eit nytt punkt 8 slik det ligg føre i vedtaket.

\* \* \*

Linda Grudtvig, Frp kom med følgjande framlegg:

«Kommunestyret ber rådmannen om å legge frem en sak om inndekning av prognostisert underskudd i dette driftsåret.»

Framlegget fekk 4 røyster (Frp)

---

Rett utskrift:

Geir Angeltveit, V framlegg

«Nytt punkt 6:

Kommunestyret ber om at ein i forarbeidet med kommunebudsjett for 2019 og framlegging av dette;

- Presenterar status og utvikling for fattigdom og barnefattigdom i kommunen, og kommunestyret ber rådmannen presentera mogelege avbøtande tiltak politikarane kan implementera inn i eit budsjett.
- Går i dialog med Saman og HVL Campus Stord for å sjå på mogelegheitane for implementering av ei incentivordning for studentar til å melda flytting til kommunen, i tråd med Interpellasjonssak 3/18.

Nytt punkt 7:

Kommunestyret meiner at nedbetaling av renter og avdrag på Stord Ungdomsskule, ny Sjukeheim og omsider Nysæter Ungdomsskule kan dekkast inn ved bruk av eigedomsskatten.»

Framlegget fekk 2 røyster (V og MDG)

Torbjørn Brosvik, Krf kom med følgjande framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen iverksette pedagog- og bemanningsnorm i barnehagane fullt ut frå 1. august 2018.

Framlegget fekk 8 røyster (V, MDG, SV, Torbjørn Brosvik og Kjetil Eldøy begge Krf)

Konto	Konto(T)	Rekneskap (1000)	Periodisert budsjett	Avvik (1000)	Årsbudsjett
10802	Utval/leiargodtgjersle	24	25	1	38
10803	Møtegodtgjersle	4	12	6	18
10804	Tapt arbeidsforteneste	6	7	6	11
10990	Arbeidsgjevaravgift	5	6	1	9
11008	Faglitteratur og abonnement	10	1	-9	2
11152	Servering møter/kurs	1	-	-1	-
11400	Annonse	-	4	3	5
11500	Kurs og etterutdanning	27	11	-18	16
11600	Skyss/kostgodtgjersle	1	-	-1	-
11709	Andre reiseutgifter utlegg	2	14	11	22
11951	Kontingent	-	3	2	4
12702	Konsulent-/ rådgiv.-tenester	398	595	144	806
13300	Kjøp teneste fylket	112	-	-112	186
14290	Meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon	131	1	-129	2
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	-44	-	44	-
17290	Kompensasjon for mva	-131	-1	129	-2
<b>1100</b>	<b>Revisjon og kontroll</b>	<b>546</b>	<b>678</b>	<b>79</b>	<b>1 117</b>

client	SK
user_id	STHET
language	NO
Prosj	
Ansvar	
Teneste	1100
Konto	1*
Periode	201801
Firma	SK
Konto_from	20000000
Konto_to	29999999
template	SK Bud.kontroll pr. måned heile tall
aggregate_id	BUSVEIS
period	0



**PS 45/18 Eventuelt**